# Tenestestandard for Helse og velferd
# Kinn kommune









*Dette dokumentet er informasjon til innbyggarane i Kinn kommune om tenestene i Helse og velferd, samt eit verktøy for sakshandsamarar i vurdering og handsaming av søknadar om tenester.*

**Vedtatt av kommunestyret 12.03.2024 i sak 037/24**

## Innhald


1. Innleiing ... 4
   1.1 Målsetting for helse- og velferdstenestene i Kinn kommune ... 4
   1.2 Rammevilkår for helse og velferd ... 4
   1.3 Ord og uttrykk ... 5
   1.4 Innsatstrappa ... 5
   1.5 TENESTESKART FOR HELSE OG VELFERD I KINN ... 8
2. Sakshandsaming ved søknadar om helse- og omsorgstenester i Kinn kommune ... 9
   2.1 Grunnlag for tildeling ... 9
   2.2 Sakshandsaming i Kinn kommune ... 9
   2.3 Kommunal skjønnsutøving ... 10
   2.4 Generelle forventningar til deg som handsamar søknaden og er tenesteytar ... 10
   2.5 Kva vi forventar av deg som søker eller får tenester ... 10
3. Klage og klagegang ... 11
   3.1 Kommunale tenester utan krav til enkeltvedtak ... 11
   3.2 Kommunale tenester med krav til enkeltvedtak ... 11
4. Oversikt over tenester ... 11
   4.1 TRINN 1 I TRAPPA ... 11
      4.1.1 Middagsven ... 12
      4.1.2 Aktivitet og fellesskap ... 13
      4.1.3 Ope hus i Florø ... 14
      4.1.4 Møteplass i Selstadgården/Skaretun/Kulatoppen ... 15
      4.1.5 Få besøk/hjelp til å bli aktiv ... 16
      4.1.6 Musikkterapi ... 17
      4.1.7 Temadag aktiv aldring ... 18
      4.1.8 Parkeringsbevis ... 19
      4.1.9 Pårørandeskule ... 20
      4.1.10 Hjelpemiddel ... 21
      4.1.11 Fysioterapi ... 22
      4.1.12 Ergoterapi ... 23
   4.2 TRINN 2 I TRAPPA ... 24
      4.2.1 Tryggleiksalarm serviceteneste ... 24
      4.2.2 Tryggleiksalarm helsehjelp ... 25
      4.2.3 Lokaliseringsteknologi GPS ... 26
      4.2.4 Digitalt tilsyn ... 27
      4.2.5 Elektronisk medisineringsstøtte ... 29
      4.2.6 Følgjekort ... 30
      4.2.7 Kreftkoordinator ... 31
      4.2.8 Hukommelsesteam ... 32
      4.2.9 Støtte til bustadtilpassing ... 34
   4.3 TRINN 3 I TRAPPA ... 36
      4.3.1 Pårørandestøtte ved informasjon og opplæring, avlasting og/eller omsorgsstønad ... 36
      4.3.2 Dagaktivitetstilbod for personar med demenssjukdom ... 43
      4.3.3 Dagaktivitetstilbod for miljøtenesta ... 45
      4.3.4 Aktivitetstilbod innan psykisk helse og rus ... 47
      4.3.5 Fritidskontakt ... 48
      4.3.6 Helsetenester i heimen ... 49
      4.3.7 Koordinator, barnekoordinator og individuell plan ... 51
      4.3.8 Matombringing ... 52

4.3.9 Praktisk bistand eigenomsorg ........ 53
4.3.10 Praktisk bistand eigenomsorg – opplæring ........ 55
4.3.11 Praktisk bistand reinhald ........ 57
4.3.12 Praktisk bistand dagleg gjeremål ........ 59
4.3.13 Praktisk bistand daglege gjeremål, opplæring ........ 61
4.3.14 Kvardagsrehabilitering ........ 63
4.3.15 Bustad - korttidsleige ........ 65
4.3.16 Omsorgsbustad ........ 66
4.4 TRINN 4 I TRAPPA ........ 68
4.4.1 Brukarstyrt personleg assistanse som organisering av teneste ........ 68
4.4.2 Heimerehabilitering ........ 70
4.5 TRINN 5 I TRAPPA ........ 72
4.5.1 Korttidsopphald utgreiing, vurdering og behandling ........ 72
4.5.2 Korttidsopphald anna ........ 74
4.5.3 Rehabiliteringsopphald ........ 76
4.5.4 KAD/ØHD ........ 78
4.6 TRINN 6 I TRAPPA ........ 80
4.6.1 Omsorgsbustad med heildøgnsteneste ........ 80
4.6.2 Langtidsopphald i institusjon ........ 82
5. Bustadtrappa i Kinn kommune ........ 85

# 1. Innleiing

Kinn kommune har som mål å gje tenester med god kvalitet gjennom brukardeltaking og kompetente medarbeidarar, kombinert med at tenestene blir gitt innanfor dei økonomiske rammene vi har.

Vi skal ha ei god helse- og velferdsteneste som bygger på tilbod om varierte og samanhengande heimebaserte tenester.

Saman med sentrale føringar er dette dokumentet meint å vere rettleiande for deg som innbyggar og tilsett. Målet er å skape ei felles forståing for tenestene vi gir med bakgrunn i krav frå myndigheitene, politiske prioriteringar, og faglege og juridiske vurderingar.

Berekraftige tenester i framtida krev stor grad av samskaping mellom innbyggarar, kommunen og andre samfunnsaktørar. Det blir naudsynt å sette fokus på at framtida si eldreomsorg er basert på at innbyggarane i større grad sjølv må bidra med eigne ressursar, førebuingar og tilpassingar for ein god alderdom.

Ein tenestestandard er ei skildring av omfang og innhald i ei teneste. Standarden skal seie noko om formålet med tenesta, målgrupper og vilkår for tildeling. Den skal også seie noko om kva du som mottar ei teneste kan forvente av kommunen, og kva kommunen kan forvente av deg.

## 1.1 Målsetting for helse- og velferdstenestene i Kinn kommune




Vårt satsingsområde for helse og velferd i temaplanen vår er "Gode tenester i alle livsfasar" med hovudmål:

- Vi er nytenkande og innovative.
- Sjef i eige liv / kva er viktig for deg?
- Helsefremjande tenester.

## 1.2 Rammevilkår for helse og velferd

Den største utfordringa for helse- og omsorgstenestene er, og vil bli, auken i tal eldre over 80 år og mangel på arbeidskraft. Dei siste åra er det blitt betydeleg meir utfordrande å rekruttere helsepersonell - spesielt sjukepleiarar, men også helsefagarbeidarar og vernepleiarar.

Manglande arbeidskraft og kompetanse

Det vil ikkje vere nok tilgjengeleg arbeidskraft og kompetanse for det behovet som kjem – om vi fortset å tildele helse- og omsorgstenester som i dag. Det er ikkje mogleg å bemanne seg ut av utfordringane. Kinn kommune har innbyggarar både i byar, bygder og øyar, og det vil bli utfordrande og kanskje umogleg å tilby tenester uansett kor du bur.

Riktige tenester på riktig nivå

Helse- og omsorgstenestene i kommunen skal ut frå økonomiske rammer, tilgang på kompetanse og langsiktig og heilskapleg planlegging arbeide for å yte riktige tenester på riktig nivå. Tenestene skal, i samarbeid med innbyggarane, bidra til auka livskvalitet og eigenmestring, der målet er at alle kan bu i eigen heim så lenge som mogleg.

Tildeling av tenester er ei fordeling av knappe ressursar og må gjerast ut ifrå fleire element som

- grundig vurdering av om søkar har rett til nødvendig helsehjelp
- at frivillige tilbod ikkje lenger er nok
- å vurdere nytte opp mot kostnad
- solidaritet og likeverd
- ressursar og organisering

Dette dokumentet er meint å vere opplysande og rettleiande for våre innbyggarar og tilsette. Målet er å skape ei felles forståing for nivået på tenestene som vi gir med bakgrunn i krav frå myndigheitene, politiske prioriteringar, faglege og juridiske vurderingar.

## 1.3 Ord og uttrykk

- Tenestemottakar – den som får tenester.
- Tenesteytar – kommunalt/privat tilsette som utfører tenester.
- Omsorgsytar - Føresette og/eller pårørande som yter omsorg.
- KPR – Kommunalt pasient- og brukarregister, lovpålagt kartlegging av funksjon.
- IPLOS – individbasert pleie- og omsorgsstatistikk.
- Oppfølgingsteam/ansvarsgruppe – dei som følgjer opp ein tenestemottakar
- Individuell plan – overordna plan for å koordinere tenestene for brukaren.
- Enkeltvedtak – vedtak som seier noko om den hjelpa man skal få
- Koordinator – ansvarleg for individuell plan og leiing av ansvarsgruppe. Tenester og avdelingar innan helse og velferd

## 1.4 Innsatstrappa

Innsatstrappa er vedtatt i temaplan for helse og velferd og er styrande for all tildeling av tenester. I denne tenestestandarden har vi tatt med også dei lågaste trinna i innsatstrappa. Desse skal **alltid** vere vurdert før andre tenester blir tildelt.

Vi må jobbe med både helsefremming og førebygging og vi må ha støtte for kvardagsmeistring til dei som allereie har ei helseutfordring. Både det å bli vaksen, gammal og måtte leve med sjukdom kan sjåast på som normale, men utfordrande livshendingar, som ikkje nødvendigvis treng behandling/tenester.

Vi skal fokusere tenestene mot ei større grad av helsefremming, førebygging og hjelp til sjølvhjelp. Dette gjeld tenester som tilrettelegging av eigen heim, habilitering/rehabilitering, hjelpemiddel, dagtilbod, praktisk bistand, heimesjukepleie, avlasting og omsorgsbustad.

BEON – prinsippet (**B**este **E**ffektive **O**msorgs **N**ivå):

Bruk av innsatstrappa vektlegg eigenmeistring, og støttar opp under brukar og pårørande sine eigne ressursar. Innsatstrappa representerer ei grunnhaldning om at førebyggjande, helsefremjande arbeid i all hovudsak blir gitt i heimen til den enkelte brukar ut frå kva som er viktig for brukaren. Ressursinnsatsen skal rettast mot tidleg innsats og lågast mogleg nivå i innsatstrappa.

# INNSATSTRAPPA I KINN KOMMUNE

## «KVA ER VIKTIG FOR DEG?»

*Brukarane er ofte i fleire trinn av trappa samstundes med ulike kombinasjonar av tenester*

**Trinn 1**
Eg klarar meg sjølv

**Har ikkje behov for kommunale omsorgs tenester**

Aktuelle tilbod kan vere:

- Middagsvenn
- Aktivitet og fellesskap
- Ope hus i Florø
- Møteplass i Måløy, på Raudeberg og Kulatoppen
- Hjelp til å bli aktiv
- Musikkterapi
- Friskliv og meistring
- Temadag aktiv aldring
- Parkeringsbevis
- Pårørandeskule
- Hjelpemiddel
- Fysioterapi
- Ergoterapi
- Tilrettelagt transport

**Trinn 2**
Eg klarar meg ganske godt sjølv

**Heimebuande med behov for støtte i kvardagen**

Aktuelle tenester kan vere:

- Tryggleiksalarm serviceteneste
- Tryggleiksalarm helsehjelp
- Lokaliseringsteknologi
- Digitalt tilsyn
- Elektronisk medisineringsstøtte
- Følgjekort
- Kreftkoordinator
- Hukommelseteam
- Støtte til bustadtilpassing

**Trinn 3**
Eg har behov for litt hjelp

**Heimebuande med bistandsbehov**

Aktuelle tenester kan vere:

- Pårørandestøtte ved informasjon og opplæring, avlasting og/eller omsorgsstønad
- Dagtilbod demens
- Dagtilbod miljøteneste
- Dagtilbod psykisk helse og rus
- Fritidskontakt
- Helsetenester i heimen
- Koordinator, barnekoordinator og individuell plan
- Matombringing
- Praktisk bistand eigenomsorg
- Praktisk bistand eigenomsorg opplæring
- Praktisk bistand reinhald
- Praktisk bistand daglege gjeremål
- Praktisk bistand daglege gjeremål, opplæring
- Kvardagsrehabilitering
- Omsorgsbustad
- Bustad korttidsleige

**Trinn 4**
Eg er avhengig av hjelp i eigen heim

**Heimebuande med omfattande bistandsbehov**

Aktuelle tenester kan vere:

- Brukarstyrt personleg assistanse
- Heimerehabilitering

**Trinn 5**
Eg treng meir hjelp ein kortare periode

**Korttidsopphald i institusjon**

Aktuelle tenester kan vere:

- Rehabiliteringsopphald
- Korttidsopphald utgreiing, vurdering og behandling
- Korttidsopphald anna
- ØHD (øyeblikkeleg hjelp døgnopphald) også kalla KAD (kommunalt akutt døgnopphald)

**Trinn 6**
Eg treng hjelp det meste av tida

**Heildøgnstilbod**

Aktuelle tenester kan vere:

- Heildøgns omsorgsbustad
- Institusjon

**Grunnlag for tildeling**
**Sakshandsaming**
**Skjønnsutøving**
**Forventningar til kommunen**
**Forventningar til søkar og mottakar**
**Klage på tenester utan enkeltvedtak**
**Klage på teneste med enkeltvedtak**

## 1.5 TENESTESKART FOR HELSE OG VELFERD I KINN



# 2. Sakshandsaming ved søknadar om helse- og omsorgstenester i Kinn kommune

## 2.1 Grunnlag for tildeling

Vi ønskjer å

- sikre søkar ei individuell og tverrfagleg vurdering av behov for helse- og omsorgstenester
- hjelpe tenestemottakar til å bu lengst mogleg i eigen bustad
- tildele rett hjelp, til rett tid og i rett trinn i innsatstrappa. Dette med mål om å støtte opp om den einskilde sine eigne ressursar og eiga meistringsevne i kvardagen, både i og utanfor heimen
- tildele tenester i tråd med beste effektive omsorgsnivå (BEON), innanfor gitte økonomiske rammer

## 2.2 Sakshandsaming i Kinn kommune

- Søknad skal sendast til Kinn kommune, Postboks 294, 6701 Måløy eller elektronisk via Kinn kommune si nettside og blir fordelt til rette eining.
- Søkjar må bu eller opphalde seg i kommunen.
- Ein søknad kan vere både munnleg og skriftleg og søknaden må vere signert av søkjar, ev. med fullmakt dersom andre skal søkje på vegne av søkjar.
- Sakshandsamar utgreier søknaden og tildelingseininga gjev avslag eller vedtak om tenester.
- Det er krav om vedtak dersom tenesta er forventa å vare i over to veker. Dersom det er eigenbetaling for tenesta, skal det ligge føre vedtak frå oppstartsdato.
- Det er for fleire kommunale tenester ikkje krav til enkeltvedtak. Det er likevel å forvente at det finst ei skriftleg grunngjeving i journal for ei eventuell avgjerd om tenesteyting eller ikkje. Ei slik avgjerd kan og klagast på, og må derfor grunngjevast for eventuell oversending til Statsforvaltar.
- Søknad om helse- og omsorgstenester skal handsamast etter aktuelle gjeldande lover, regler, forskrifter, politiske føringar og i samarbeid med søkjar.
- Sakshandsamar i kommunen tek kontakt med søkjar/tenestemottakar for kartleggingssamtale seinast fire veker etter at søknad er mottatt. Dersom dette ikkje er mogleg sendar sakshandsamar snarast mogleg ut eit foreløpig svar med opplysning om årsaka til at tilvisinga ikkje kan behandlast tidlegare, og når ei avgjersle i saka kan forventast å ligge føre.
- Det vert gjennomført IPLOS-kartlegging ( individuell pleie og omsorgs-kartlegging) i samarbeid med søkjar/pårørande. Behovet for supplerande kartlegging vert vurdert i kvart enkelt tilfelle.
- All datainnsamling vert dokumentert og teken med i vurderinga av tenestebehov
- Søknader og personlege opplysningar vert behandla konfidensielt, og er omfatta av teieplikta.
- Søkjar/tenestemottakar skal i møte med helse- og omsorgstenestene få god informasjon om tenester, rettar og plikter, samt god service prega av tilgjengelege og imøtekomande personell.
- Ved behov for nødvendig helsehjelp etter sjukehusinnlegging eller akutt behov for nødvendig helsehjelp utan sjukehusinnlegging, vil kommunen vurdere kva tiltak/tenester som skal bli ytt.
- Vedtak om tenester vert evaluert jamleg. Ved endring av behov skal tenestemottakar gje melding til kommunen.

## 2.3 Kommunal skjønnsutøving

Kommunen kan ta omsyn til eigen ressurs- og personalsituasjon ved val av tildeling av type tenester og organisering av desse. Sakshandsamar skal alltid vurdere om tenesta på lågaste trinna (frivillige) i innsatstrappa kan nyttast. Sakshandsamar skal alltid nytte hjelpeskjemaet "Kostnadskalkyle tenestetildeling" i handsaminga, for å vurdere kost-nytte.

Når ein person har rettskrav på nødvendige kommunale tenester, betyr det ikkje at ein har rettskrav på ein bestemt type teneste eller ein bestemt måte å organisere tenestene på. Til dømes har ein ikkje krav på ein institusjonsplass dersom kommunen kan gje forsvarleg hjelp i heimen.

Kommunen skal samarbeide med og ta omsyn til søkjar sine ønskjer og synspunkt. Kommunen må likevel forvalte og tildele tenester ut frå den totale kapasiteten. Dette betyr at ved behov for til dømes omsorgsbustad eller institusjonsopphald, vert det gjeve tilbod der det er ledig kapasitet.

Kva tenester som kommunen pliktar å gje kjem fram i *Lov om kommunale helse og omsorgstenester m.m*. § 3-2, og det er naturleg at teneste tilbodet vert gitt med utgangspunkt i denne paragrafen.

## 2.4 Generelle forventningar til deg som handsamar søknaden og er tenesteytar

Du skal

- gje relevant informasjon om tenester innan helse- og omsorgstenesta
- nytte hjelpeskjemaet " Kostnadskalkyle tenestetildeling" i handsaminga
- alltid vurdere om tenester på lågaste trinna i innsatstrappa kan nyttast
- halde teieplikta
- møte tenestemottakar med respekt
- handsame søknadar og tildeling av tenester etter ei individuell, konkret og tverrfagleg vurdering

## 2.5 Kva vi forventar av deg som søker eller får tenester

Kva vi forventar av deg som søkjer eller får tenester:

- du gir naudsynt informasjon, og samtykker til innhenting av relevante opplysningar for vurdering og tildeling av tenester
- du gjer deg kjent med innhaldet i vedtaket
- du aksepterer at du legg til rette i bustaden din, for eksempel ved å ta imot og bruke hjelpemiddel og eventuelt ommøblere
- du sikrar husdyra i heimen slik at det/dei ikkje er til sjenanse for dei som skal gje deg hjelp
- du sørgjer for at huset er lufta før tilsette kjem dersom det blir røykt i heimen
- du gir fortløpande beskjed om endring av behov så snart som råd
- du forheld deg til arbeidstida til tenesteytarane og brukar vakttelefon når du skal ta kontakt
- du melder frå til tenesteytar om behov for informasjon, råd, rettleiing eller eventuell klage
- du sikrar at vegen fram til eigen bustad er framkomeleg
- du gir tenesteytar tilgang til bustad, til dømes ved utlevering av nøkkel
- du sikrar at det er lys utandørs slik at det er lett å finne fram
- du oppheld deg i kommunen, altså at du må vere tilstade over tid i kommunen

# 3. Klage og klagegang

## 3.1 Kommunale tenester utan krav til enkeltvedtak

Det er for fleire kommunale tenester ikkje krav til enkeltvedtak. Vi forventar likevel at det finst ei skriftleg grunngjeving i journal for ei eventuell avgjerd om tenesteyting eller ikkje. Ei slik avgjerd kan klagast på til eininga. Dersom eininga oppretthеld avgjersla skal saka oversendast til Statsforvaltaren av eininga.

Du har klagerett dersom du er pasient eller brukar. Klager på vegner av andre utan fullmakt vert avvist. Advokat treng ikkje fullmakt.

## 3.2 Kommunale tenester med krav til enkeltvedtak

Dersom du er ueinig i vedtaket kan du klage på dette. Klagen skal sendast til tildelingseininga i Kinn kommune. Tildelingseininga kan hjelpe til med å utforme klagen.

Du har klagerett dersom du er pasient eller brukar. Klager på vegner av andre utan fullmakt vert avvist. Advokat treng ikkje fullmakt.

Dersom den som mottar vedtaket har manglande samtykkekompetanse kan dei under klage:

- Helsepersonell kan klage på vegner av pasienten utan skriftleg samtykke.
- Nærmaste pårørande eller verje kan klage ved antatt fullmakt frå pasient.
- Klage frå andre slektningar enn nærmaste pårørande vert avvist.
- Pasient har klagerett sjølv utan samtykkekompetanse.

Du må klage innan klagefristen går ut, dette er 4 veker frå du mottek vedtaket. Klagen må vere skriftleg og innehalde kva vedtak det vert klaga over.

Dersom kommunen avviser klagen skal dette skje skriftleg. Tildelingseininga skal undersøke grunngjevinga klagen bygger på, og greie ut saka på nytt. Klagesaka vert lagt fram for tildelingseininga som kan imøtekome klagen, endre eller oppheve vedtaket.

Vert det ikkje gjeve medhald i klagen, skal klagen snarast sendast til Statsforvaltaren. Saka skal då innehalde alle dokument i saka, samt tildelingseininga si eiga vurdering av klagen.

Sjølv om det vert gjeve delvis medhald i klagen, skal den sendast til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd. Det skal utsettast igangsetting under klagebehandling. Dette vil seie at du ikkje vil få tenester medan klaga blir behandla.

# 4. Oversikt over tenester

## 4.1 TRINN 1 I TRAPPA

Tenestene som er på trinn 1 i trappa er ikkje vedtaksbasert, men er ein del av Kinn kommune sine helsefremjande og førebyggande tenester. Desse tenestene skal alltid vurderast nytta før ein vurderer vedtak om andre meir ressurskrevjande tenester, og er gode alternativ i høve behov for aktivitet og sosialt fellesskap. Desse tenestene blir utført av frivillige, men organisert av tilsette med fagleg kunnskap på området.

### 4.1.1 Middagsven

| Type teneste | Trinn 1 - Middagsven |
|---|---|
| **Lovheimel** | Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Tenesta inngår som ein førebyggande og helsefremmande teneste etter helse- og omsorgstjenesteloven §3-3. |
| **Klageveg** | Det kan ikkje klagast på tenesta. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Nei |
| **Eigenbetaling** | Nei. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | ▪ Oppleve matfellesskap<br>▪ Auka matlyst / ernæring<br>▪ Auka livskvalitet |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Det forutset at du er kunde hjå Bordgleder eller har tildelt tenesta matombringing.<br>▪ Du kan få ein gratis middag i veka som du kan ete i lag med nokon du kjenner. Det kan til dømes vere ein i familien, ein nabo eller ein frivillig. |
| **Praktiske opplysningar** | ▪ Dersom du ønskjer ein gratis middag, kontakt: Bordgleder, tlf.: 90 94 77 35<br>▪ Dersom du ønsker bistand til å finne nokon å ete lag med kontakt samfunnskoordinator tlf.: 97 99 18 02.<br>▪ Tilbodet kan variere |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte.<br>▪ Legge til rette for at tenestemottakar får den særskilde tilrettelegginga ein har behov for. |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Gjer seg kjend med ordninga.<br>▪ Ved besøk skal ein legge vekt på at det er hyggeleg samvær. |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Mat og måltider |

### 4.1.2 Aktivitet og fellesskap

| **Type teneste** | **Trinn 1 - Aktivitet og fellesskap** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Tenesta inngår som ein førebyggande og helsefremmande teneste etter helse- og omsorgstjenesteloven §3-3. |
| **Klageveg** | Det kan ikkje klagast på tenestene |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Nei |
| **Eigenbetaling** | Nei |
| **Mål for tenesta/Føremål** | Målet er å skape gode kulturopplevingar og deltaking i aktivitet og fellesskap.<br><br>Aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap er viktig for alle, og er ein føresetnad for å kunne ha så god helse og funksjon som mogleg. |
| **Kriterium for tildeling** | Alle kan finne sine aktivitetar som passar. Aktivitetane er arrangert gjennom lag og organisjonar, nokre gjennom kommunen og noko i samarbeid på tvers. |
| **Praktiske opplysningar** | Aktivitet og fellesskap har mange arenaer<br>▪ Lag og organisasjonar<br>▪ Kulturarrangement |
| **Forventningar til tenesteytar** | **Lag og organisasjonar**<br>▪ Skal prøve å gje god informasjon om arrangement og faste tilbod.<br>▪ Leggje til rette opne møteplassar med låg terskel for deltaking.<br><br>**Kommune**<br>▪ Motivere innbyggjarane til deltaking<br>▪ Ha kunst og kulturopplevingar av høg kvalitet<br><br>**Frivilligsentralane**<br>▪ Motivere lag og organisasjonar til å vere aktive<br>▪ Kurs / kompetanse om frivillig arbeid<br>▪ Motivere til ein bredde av lag og organisasjonar i kommunen |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Gjer seg kjend med kultur- og aktivitetstilbod<br>▪ Ved deltaking skal ein legge vekt på at det er hyggeleg samvær. |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Vågsøy frivilligsentral og Florø frivilligsentral Florø kulturhus og Nordfjordhallen<br><br>Link til LEV-VEL som har eit årleg aktivitetsprogram. |

### 4.1.3 Ope hus i Florø

| **Type teneste** | **Trinn 1 - Ope hus i Florø** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Tenesta inngår som ein førebyggande og helsefremmande teneste etter helse- og omsorgstjenesteloven §3-3. |
| **Klageveg** | Det kan ikkje klagast på tenesta |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Nei |
| **Eigenbetaling** | Nei |
| **Mål for tenesta/Føremål** | Dette er eit ope kultur- og aktivitetstilbod til deg som ønskjer sosialt fellesskap.<br>Mål:<br>▪ Motverke einsemd og isolasjon<br>▪ Oppleve meining og meistring i eigen kvardag<br>▪ Kunne bu lengre heime |
| **Kriterium for tildeling** | Dette er eit tilbod til alle som bur heime og av ulike årsaker har fri på dagtid. |
| **Praktiske opplysningar** | Ope hus er eit tilbod i Florø. Tilbodet vert gitt kvar veke på torsdag.<br>Tilbodet vert koordinert av LEVVEL-team. Bibliotek, Florø pensjonistlag, Florø kyrkje og Kystmuseet er med som samarbeidspartar. Samarbeidspartane har ansvar for kvar sine arrangement. Dette for å kunne gje eit mangfald av kulturuttrykk og ulike arenaer, slik at vi kan nå flest mogleg. |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Lage gode arrangement, som er opent for alle<br>▪ Alle sektorar i kommunen må jobbe med å informere om OPE HUS.<br>▪ Ha god marknadsføring. |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Det er forventa at tenestemottakar opptrer respektfullt<br>▪ Det skal leggast til rette for triveleg samvær |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune og LEV VEL sidene for meir informasjon. Link til Ope hus |

### 4.1.4 Møteplass i Selstadgården/Skaretun/Kulatoppen

| **Type teneste** | **Trinn 1 - Møteplass i Selstadgården / Skaretun/E- fløy Kulatoppen** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Tenesta inngår som ein førebyggande og helsefremmande teneste etter helse- og omsorgstjenesteloven §3-3. |
| **Klageveg** | Det kan ikkje klagast på tenesta |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Nei |
| **Eigenbetaling** | Nei |
| **Mål for tenesta/Føremål** | Dette er eit tilbod til deg som ønsker sosialt fellesskap<br>Mål:<br>▪ Motverke einsemd og isolasjon<br>▪ Oppleve meining og meistring i eigen kvardag<br>▪ Kunne bu lengre heime |
| **Kriterium for tildeling** | Dette er eit tilbod til alle seniorar som bur heime. |
| **Praktiske opplysningar** | ▪ Møteplass er annankvar veke på Selstadgården og på Skaretun – Raudeberg.<br>▪ Møteplass er kvar måndag på E-fløy på Kulatoppen.<br>▪ Det er servering av kaffi, allsong, varierte kulturinnslag og god prat.<br>▪ Det er Vågsøy frivilligsentral som har ansvar for gjennomføring. |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Gje eit godt tilbod til brukargruppa.<br>▪ Alle sektorar i kommunen må jobbe med å informere om tilbodet til seniorar som bur heime.<br>▪ Ha god marknadsføring. |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Det forventast at tenestemottakar opptrer respektfullt.<br>▪ Det skal leggast til rette for triveleg samvær. |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Vågsøy frivilligsentral og Møteplassen for Seniorer på Frivilligsentralen, 2 etg Selstadgården-Måløy |

### 4.1.5 Få besøk/hjelp til å bli aktiv

| **Type teneste** | **Trinn 1 - Få besøk/hjelp til å bli aktiv** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Tenesta inngår som ein førebyggande og helsefremmande teneste etter helse- og omsorgstjenesteloven §3-3. |
| **Klageveg** | Det kan ikkje klagast på tenesta |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Nei |
| **Eigenbetaling** | Nei |
| **Mål for tenesta/Føremål** | Dette er eit tilbod til deg som ønskjer å få ein besøksven og/eller sosialt fellesskap med andre, anten gjennom ope arrangement og kulturtilbod, via deltaking i faste aktivitetar eller i ein organisasjon<br>Mål:<br>▪ Motverke einsemd og isolasjon<br>▪ Oppleve meining og meistring i eigen kvardag |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Dette er eit tilbod til deg som ønsker sosialt fellesskap med andre, anten ein-til-ein eller i lag med fleire.<br>▪ Alle over 18 har rett på å få ein kartlegging av samfunnskoordinator for å finne ut ynskje og behov ein har. |
| **Praktiske opplysningar** | ▪ Korleis får ein dette tilbodet:<br>• Registrer deg på Kinn kommune si nettside: https://kinn.kommune.no/skjema/skjema/KINN032/.<br>• Fyll ut papirskjema på Servicetorget<br>• Ta direkte kontakt med samfunnskoordinator. |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Alle som er frivillig besøksven underteiknar teieplikt og får tilbod om kurs.<br>▪ Avdekkjer kva behov og ønskjer brukar av tilbodet har<br>▪ Informerer om dei ulike tilboda i kommunen |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Det forventast at tenestemottakar opptrer respektfullt<br>▪ Det skal leggast til rette for triveleg samvær (ein-til-ein) |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Vågsøy frivilligsentral og Florø frivilligsentral. Brosjyre Få besøk og Registrer deg her -få besøk eller bli meir aktiv Brosjyre bli frivillig |

### 4.1.6 Musikkterapi

| **Type teneste** | **Trinn 1 - Musikkterapi** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Tenesta inngår som ein førebyggande og helsefremmande teneste etter helse- og omsorgstjenesteloven §3-3. |
| **Klageveg** | Det kan ikkje klagast på tenesta. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Nei |
| **Eigenbetaling** | Nei |
| **Mål for tenesta/Føremål** | ▪ Ved å fokusere på både symptomlindring og aktivering av ressursar prøver musikkterapeuten å ivareta heile menneske og legge til rette for meistring og meining i kvardagen.<br>▪ Bruk av musikk kan ha positiv effekt på hukommelse og gje auka velvære og livskvalitet. |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Musikkterapeut skal i samarbeid med tenestene tilby musikkterapi på tre nivå: individ, gruppe og samfunnsnivå.<br>▪ For å få individuell musikkterapi blir du tilvist gjennom tildelingskontor, lege, institusjon eller at du tek direkte kontakt<br>▪ Alle kan delta på grupper og ope arrangement til samfunnsmusikkterapeutiske arenaer.<br>▪ Kommunen skal kunne tilby musikkterapi primært til menneske med aldersrelaterte vanskar og personar med demenssjukdom. |
| **Praktiske opplysningar** | ▪ Musikkterapeuten arbeider direkte med brukarar individuelt, gruppe og i større opne arrangement.<br>▪ Ein jobbar og med kompetanseoverføring, kursing, og rettleiing om målretta bruk av musikk til andre tenesteytarar og pårørande. |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Musikkterapi |

### 4.1.7 Temadag aktiv aldring

| Type teneste | Trinn 1 - Temadag aktiv aldring |
|---|---|
| Lovheimel | Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Tenesta inngår som ein førebyggande og helsefremmande teneste etter helse- og omsorgstjenesteloven §3-3. |
| Klageveg | Det kan ikkje klagast på tenesta. |
| KPR/IPLOS-registrering | Nei |
| Eigenbetaling | Nei |
| Mål for tenesta/Føremål | Gi innbyggjarane råd og tips til å kunne bu lengst mogleg heime |
| Kriterium for tildeling | Eit tilbod til alle i kommunen som fyller 70- år det aktuelle året. |
| Praktiske opplysingar | Blir gjennomført ein gang for året, med eit møtepunkt i Florø og eit i Måløy. På temadagen vil du få informasjon om ulike tema, som t.d. aktivitetstilbod i kommunen, branntryggleik, ernæring, fysisk aktivitet, bustadtilrettelegging og teknologihjelp. Det blir servert lunsj til alle deltakarar. Invitasjon vert sendt ut til alle som fyller 70 år det aktuelle året. Påmeldingsinformasjon vert og lagt ut på kommunen si heimeside. Ektefelle eller ein ven er velkommen med deg. |
| Forventningar til tenestemottakar | Melde seg på temadagen, anten hos kommunen sitt servicekontor eller elektronisk via kommunen si heimeside. |
| Merknad | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. |

### 4.1.8 Parkeringsbevis

| Type teneste | Trinn 1 - Parkeringsbevis |
|---|---|
| Lovheimel | Forskrift om parkeringstillatelse for forflytningshemmede |
| Klageveg | Vedtak kan påklagast og vert handsama i Klagenemnda til Kinn kommune. Send klagen til Kinn kommune og merk klage parkeringsbevis |
| KPR/IPLOS-registrering | Nei |
| Eigenbetaling | Nei |
| Mål for tenesta/Føremål | ▪ Gi rørslehemma, med eit reelt behov for parkeringslette, eit tilgjengeleg parkeringstilbod. |
| Kriterium for tildeling | ▪ Legeerklæring og utfyllande opplysningar frå søkjar.<br>▪ For dei som søker som førar må ein ha gyldig sertifikat lenger enn 2 år<br>▪ For dei som søker som passasjer er kommunen pliktig til å sjå på alternative løysingar dersom du ikkje treng følgje eller må ha konstant tilsyn |
| Praktiske opplysingar | ▪ Søknadsskjema, saman med legeerklæring og kopi av gyldig sertifikat dersom du søker som førar, sendast til Kinn kommune, Postboks 294, 6701 Måløy eller leverast på servicetorget i Florø eller Måløy.<br>▪ Sakshandsamingstid for slike søknader er inntil 3 veker |
| Forventningar til tenesteytar | ▪ Kinn kommune har dialog med legar og Florø Parkering ved behov for utfyllande opplysningar. |
| Forventningar til tenestemottakar | ▪ Fylle ut søknadsskjema<br>▪ Innhente legeerklæring |
| Merknad | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Parkeringsløyve for forflytningshemma |

### 4.1.9 Pårørandeskule

| **Type teneste** | **Trinn 1 - Pårørandeskule** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Tenesta inngår som ein førebyggande og helsefremmande teneste etter helse- og omsorgstjenesteloven §3-3. |
| **Klageveg** | Det kan ikkje klagast på tenesta |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Nei |
| **Eigenbetaling** | Nei |
| **Mål for tenesta/Føremål** | Pårørandeskulane skal vere ein møteplass som gir pårørande støtte til å meistre utfordringar. Dette kan vere praktiske utfordringar eller utfordringar knytt til kjensler. Skulen er eit samarbeid mellom Hukommelsesteamet i Kinn kommune, Nasjonalforeininga for folkehelsa ved Vågsøy Demensforeining og Krokane Sanitetslag i Florø. |
| **Kriterium for deltaking** | Har familie eller nære venner med demenssjukdom |
| **Praktiske opplysningar** | ▪ Det blir arrangert årleg<br>▪ Du kan få hjelp med transport dersom det er vanskeleg |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte<br>▪ Legg til rette for at den pårørande får auka kunnskap om sjukdomsbilete og meistringsstrategiar og tilbod i kommunen |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Gjer seg kjend med innhaldet i tilbodet<br>▪ Gir naudsynt informasjon for å få rett bistand og oppfølging |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Pårørandeskule |

### 4.1.10 Hjelpemiddel

| Type teneste | Trinn 1 - Hjelpemiddel |
|---|---|
| Lovheimel | Forskrift om habilitering og rehabilitering og koordinator § 9 og Arbeidsmiljøloven §4-4. |
| Klageveg | Klagerett er forankra i folketrygdloven og Forvaltningsloven §§ 28 og 29. |
| KPR/IPLOS-registrering | Nei. |
| Eigenbetaling | Nei. |
| Mål for tenesta/Føremål | Hjelpemiddel skal inngå som del av ein heilskapleg plan, og bidra til å:<br>▪ Betre funksjonsevna<br>▪ Auke moglegheit for å vere sjølvhjelpen<br>▪ Lette pleie av personar med funksjonsnedsetting |
| Kriterium for tildeling | ▪ Behov for hjelpemiddel og/eller tilrettelegging må inngå som ein del av den heilskaplege utredningen av behovet for habilitering og rehabilitering.<br>▪ At hjelpemiddel skal vere nødvendige, betyr at andre tiltak kan vere aktuelle både som alternativ til et hjelpemiddel eller som supplement. |
| Praktiske opplysingar | ▪ For enklare hjelpemiddel ved kortvarige behov (inntil 2 år) har kommunen finansierings- og anskaffingsansvaret.<br>▪ NAV ved hjelpemiddelsentralane har ansvar for hjelpemiddel finansiert over folketrygda. Dette gjeld hjelpemiddel ved funksjonsnedsettingar med meir enn 2-års varigheit. |
| Forventningar til tenesteytar | ▪ Kommunens sørge-for-ansvar gjelder uavhengig av varigheita av behovet. Det omfattar alle ledd i formidlingsprosessen:<br>▪ å avdekke og utgreie behovet for alle typar hjelpemiddel<br>▪ utprøving av hjelpemiddel<br>▪ bistand i søknadsprosess<br>▪ tilpassing og enklare montering<br>▪ opplæring i bruken av hjelpemiddelet<br>▪ service og reparasjon av enklare art |
| Forventningar til tenestemottakar | ▪ Vanleg vedlikehald<br>▪ Melde behov om ev. problem eller feil med hjelpemiddel, også brukarfeil.<br>▪ Melde om tenestemottakar ikkje lenger har behov for hjelpemiddel<br>▪ Ta imot hjelpemiddel som det er behov for knytt til Arbeidsmiljøloven § 4-4 |
| Merknad | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Tekniske hjelpemiddel |

### 4.1.11 Fysioterapi

| **Type teneste** | **Trinn 1 – Fysioterapi** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Helse- og omsorgstjenesteloven §3-2, punkt 1, bokstav a og b, punkt 2, punkt 4, 5 og 6 bokstav a og §3-3.<br><br>Forskrift om habilitering og rehabilitering,og koordinator § 3 |
| **Klageveg** | Nei - Det kan ikkje klagast på førebyggande teneste.<br><br>Ja - Det kan klagast på individuell vurdering og behandling.<br><br>Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Nei – førebyggande tenester<br><br>Ja. IPLOS kapittel 9 - Rehabilitering og habilitering utanfor institusjon. |
| **Eigenbetaling** | Ja.<br><br>Nokre definerte område gitt i eigenandelsforskrifta kapittel 2, gir gratis behandling førebyggande tenester og for bebuar i institusjon med meir. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | ▪ Førebyggje og behandle |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Blir tildelt etter prioriteringskriterier<br>▪ Fordelt mellom privatpraktiserande fysioterapeutar og kommunale fysioterapeutar |
| **Praktiske opplysningar** | ▪ For å få individuell fysioterapi kan du ta direkte kontakt eller bli tilvist gjennom tildelingskontor, lege, institusjon med bakgrunn i at du har utfordring |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Fysio- og ergoterapi |

### 4.1.12 Ergoterapi

| Type teneste | Trinn 1 - Ergoterapi |
|---|---|
| Lovheimel | Helse- og omsorgstjenesteloven §3-2, punkt 1, bokstav a og b, punkt 2, punkt 4, 5 og 6 bokstav a og §3-3.<br><br>Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator § 3. |
| Klageveg | Nei - Det kan ikkje klagast på førebyggande teneste.<br><br>Ja - Det kan klagast på individuell vurdering og behandling. Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| KPR/IPLOS-registrering | Nei. |
| Eigenbetaling | Nei. |
| Mål for tenesta/Føremål | ▪ Ergoterapi vektlegg tidleg innsats, habilitering og rehabilitering. Fokuset er aktivitet, deltaking og meistring som sikrar at fleire kan leve eit aktivt liv lengst mogleg og i sosialt fellesskap.<br>▪ Ergoterapi set person, aktivitet og omgjevnadar i samanheng.<br>▪ Ergoterapi har ressursorientert tilnærming, med fokus på kvardagsmeistring og å avdekke brukar sine viktigheitsområde.<br>▪ Ved ergoterapi førebygge og eller reduserer ein vanskar med aktivitetsutføring, sikrar meistring av kvardagsaktivitet og deltaking på ulike samfunnsarenaer. |
| Kriterium for tildeling | ▪ Ergoterapi skal i samarbeid med tenestene tilby ergoterapi på tre nivå:<br>• individ<br>• gruppe<br>• samfunnsnivå<br>▪ For å få individuell ergoterapi kan du ta direkte kontakt eller bli tilvist gjennom tildelingskontor, lege, institusjon med bakgrunn i at du har utfordring med ein dagleg aktivitet. |
| Praktiske opplysningar | ▪ Ergoterapeuten arbeider individuelt med brukarar, med gruppe og med større arrangement som temadagar, pårørandeskule (med fleire) og i samarbeid med andre.<br>▪ Ergoterapeuten jobbar og med kompetanseoverføring, kursing og rettleiing av målretta bruk av kvardagsaktivitet til brukar, pårørande og tenesteytarar.<br>▪ Tilrettelegging av bustad inngår i arbeidet. |
| Merknad | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Fysio- og ergoterapi |

## 4.2 TRINN 2 I TRAPPA

### 4.2.1 Tryggleiksalarm serviceteneste

| **Type teneste** | **Trinn 2 – Tryggleiksalarm serviceteneste** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Tenesta inngår som ein førebyggande og helsefremmande teneste etter helse- og omsorgstjenesteloven §3-3. |
| **Klageveg** | Forvaltningslova §§ 28 og 29. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja. IPLOS tenestetype 06 – tryggleiksalarm.<br>IPLOS registrering kapittel 11 - tryggleiksalarm |
| **Eigenbetaling** | Ja. Brukar betaler eigenandel etter fastsett *«Gebyr og betalingssatser* i Kinn». |
| **Mål for tenesta/Føremål** | ▪ Fungerer som støtte for både brukarar, pårørande og tilsette i helse- og omsorgstenesta. |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Førebygge behov for andre tenester.<br>▪ Søkjar auka behov for tryggleik.<br>▪ Søkjar må vere i stand til å nytte alarmen etter føremålet og vere motivert for tilbodet.<br>▪ Vurdering av om brukar evnar å forstå bruk av tilbodet. |
| **Praktiske opplysingar** | ▪ Det er 1 månads oppseiingstid<br>▪ Ved tap av alarmknapp må brukar erstatte denne.<br>▪ Ved behov for nye batteri og/eller slitasje på reim er dette forbruksvare som brukar må dekke sjølv.<br>▪ Dersom ein ikkje er busett på fastlandet eller bur langt i frå heimetenesta si plassering, må ein ha ein person i nærområdet som tek på seg ansvaret for å reise ut når ein nyttar tryggleiksalarmen. |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Tiltaket skal vurderast kontinuerleg og straks avsluttast så snart det ikkje er forsvarleg eller behov for.<br>▪ Alarm vil bli montert så snart det er kapasitet etter vedtak.<br>▪ Det vil bli gitt opplæring og rettleiing<br>▪ Kinn kommune nyttar Alarmsentralen som responssenter. Når tenestemottakar utløyser alarmen blir du kontakta av responssenteret via alarmboksen. Responssenteret tek så kontakt med heimetenesta som kjem heim til deg så fort dei kan. |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Fortløpande vurdere behov for tenesta.<br>▪ Har satt seg inn i bruken.<br>▪ Må følgje rutinar for aktivering/deaktivering. |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Tryggleiksalarm |

### 4.2.2 Tryggleiksalarm helsehjelp

| **Type teneste** | **Trinn 2 – Tryggleiksalarm helsehjelp** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven §2-1 a. andre ledd.<br>Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6 bokstav a. |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5.. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja. IPLOS tenestetype 06 – tryggleiksalarm. IPLOS registrering kapittel 11 - tryggleiksalarm |
| **Eigenbetaling** | Nei. Ved tap av alarmknapp må tenestemottakar erstatte denne. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | Tryggleiksalarm kan fungere som støtte for både brukarar, pårørande og tilsette i helse- og omsorgstenesta. Ved å gje auka tryggleik til personar med sjukdom som under visse omstende kan ha trong for å tilkalle hjelp. Det kan vere akutt forverring av sjukdom, fall eller liknande. Tenesta vert gjeve som helsehjelp, eventuelt i tillegg til andre tenester, for å kunne gje eit forsvarleg helsetilbod i heimen. |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Førebygge behov for andre tenester.<br>▪ Søkjar har sjukdom, eller anna som hindrar bruk av telefon/ mobiltelefon.<br>▪ Søkjar må vere i stand til å nytte alarmen etter føremålet og vere motivert for tilbodet.<br>▪ Vurdering av om brukar evnar å forstå bruk av tilbodet.<br>▪ Tryggleiksalarm helsehjelp vert gjeven saman med tenesta digitalt tilsyn og kan mellom anna gjevast som kamera, døralarm, sengematter, rørslealarmar m.m. |
| **Praktiske opplysingar** | ▪ Dersom ein ikkje er busett på fastlandet eller bur langt i frå heimetenesta si plassering, må ein ha ein person i nærområdet som tek på seg ansvaret for å reise ut når ein nyttar tryggleiksalarmen. |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Tiltaket skal vurderast kontinuerleg og straks avsluttast så snart det ikkje er forsvarleg eller behov for.<br>▪ Det vil i vedtak bli klargjort ansvar i høve kven i nærområdet som vil reise ut når du nyttar tryggleiksalarmen, heimetenesta eller ein person i nærområdet. |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Fortløpande vurdere behov for tenesta.<br>▪ Har satt seg inn i bruken og rutinar.<br>▪ Må følgje rutinar for aktivering/deaktivering. |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Tryggleiksalarm |

### 4.2.3 Lokaliseringsteknologi GPS

| Type teneste | Trinn 2 – Lokaliseringsteknologi GPS |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven §2-1 a. andre ledd og §4-6 a.<br>Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6 bokstav a. |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja. IPLOS- tenestetype 26 Varsling- og lokaliseringsteknologi.<br>IPLOS – kapittel 11 Velferdsteknologi. |
| **Eigenbetaling** | Ikkje fastsett kostnad. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | ▪ Bidra til auka tryggleik og rørslefridom for pasient/ brukar.<br>▪ GPS gjer det mogeleg å sjå både kvar ein person oppheld seg eller har opphalde seg. |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Det skal først vurderast om søkjar og pårørande er i stand til å skaffe og administrere dette i privat regi.<br>▪ Må ha ein demensdiagnose/kognitiv svikt.<br>▪ Det er nødvendig med kartlegging og vurdering av om brukaren klarer utfordringar i omgjevnader, trafikk og terreng.<br>▪ Brukar/pasient må samtykke til bruk<br>▪ Høve til rask respons.<br>▪ Tiltaket må redusere faren for uønska hendingar.<br>▪ Tiltaket kan vere med på at brukar får ei aktiv fritid og auka kontakt med andre.<br>▪ Auka tryggleik og høve til å bu i eigen heim lenger.<br>▪ Auka tryggleik for ektefelle/pårørande.<br>▪ Tiltaket kan gje rørslefridom utan at brukar utset seg for risiko ut over det normale. |
| **Praktiske opplysingar** | ▪ Tiltaket skal vurderast kontinuerleg og straks avsluttast så snart det ikkje er forsvarleg eller behov for.<br>▪ Det vil i vedtak bli klargjort ansvar i høve kven i nærområdet som vil reise ut når GPS melder, heimetenesta eller ein person i nærområdet |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Fortløpande vurdere behov for tenesta.<br>▪ Har satt seg inn i bruken og rutinar for GPS.<br>▪ Må følgje rutinar for aktivering/deaktivering. |
| **Forventningar til tenestemottakar/pårørande** | ▪ Melde frå ved endra behov.<br>▪ Levere tilbake utstyr ved avslutning av tenester.<br>▪ Har satt seg inn i bruken av GPS. |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune. Link til Velferdsteknologi |

### 4.2.4 Digitalt tilsyn

| **Type teneste** | **Trinn 2 – Digitalt tilsyn** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven §2-1 a. andre ledd og §4-6 a.<br>Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6 bokstav a. |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja. IPLOS- tenestetype 26 Varsling- og lokaliseringsteknologi.<br>IPLOS – kapittel 11 Velferdsteknologi |
| **Eigenbetaling** | Ikkje fastsett kostnad. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | Digitalt tilsyn tildelast for å gje tryggleik i eigen bustad og bidra til at tenestemottakar kan bu lengst mogleg i eigen heim. |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Etiske og juridiske betraktningar:<br>• Tekniske løysingar som automatisk varslar omsorgstenesta eller andre, er i større grad inngripande og ein må ha samtykke til grunn for slike anordningar. Dette kan vere anordningar som døralarm, fallalarm og rørslealarm.<br>▪ Brukar sin funksjon, fysisk (inklusiv omgjevnad), kognitivt, psykisk og sosialt, må kartleggast for å finne beste løysing.<br>▪ Auka tryggleik og høve til å bu i eigen heim lenger.<br>▪ Auka tryggleik for ektefelle/pårørande.<br>▪ Søkjar må ha ein sjukdom eller funksjonsnedsetting som kan gjere det nødvendig med varslingsteknologi. For dør-alarm, er t.d. vandring om natta med fare for at brukaren kan gå seg vekk, ein vektig grunn for å sette i verk slike tiltak. |
| **Praktiske opplysingar** | ▪ Digitalt tilsyn vert gjeve saman med tenesta tryggleiksalarm helsehjelp og kan mellom anna gjevast som kamera, døralarm, sengematter, rørslealarmar m.m.<br>▪ Digitalt tilsyn kan også gjevast som ein samtale via video (utan tenesta tryggleiksalarm helsehjelp).<br>▪ Alarmen er knytt til alarmsentralen i Florø heile døgnet, alarmsentralen kontaktar vidare ved behov for utrykking.<br>▪ Dersom utstyret ikkje vert brukt i tråd med intensjonen, kan kommunen krevje utstyret tilbakelevert.<br>▪ Tenestemottakar må syte for framkomeleg veg til bustaden.<br>▪ Tenestemottakar må gje løyve til at nøkkelboks/elektronisk lås vert montert.<br>▪ Vedlikehald og reparasjonar som fylgje av vanlig bruk vert dekka.<br>▪ Tenestemottakar må sjølv betale for skade på utstyr som skuldast aktløyse. |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Gi opplæring i bruk av velferdsteknologisk utstyr.<br>▪ Yte hjelp så raskt som mogleg etter at alarm er utløyst.<br>▪ Test og vedlikehald av velferdsteknologisk utstyr i samsvar med rutine.<br>▪ Tenesteytar opptrer respektfullt i møte med tenestemottakar. |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Tenestemottakar opptrer respektfullt i møte med tenesteytar. |

| | |
|---|---|
| | ▪ Gje melding til heimetenesta ved langvarig fråvær frå eigen bustad.<br>▪ Utstyret vert behandla forsvarleg. |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune. Link til Velferdsteknologi |

### 4.2.5 Elektronisk medisineringsstøtte

| **Type teneste** | **Trinn 2 – Elektronisk medisineringsstøtte** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven §2-1 a. andre ledd og §4-6 a.<br>Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6 bokstav a og §9. |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja. IPLOS- tenestetype 26 Varsling- og lokaliseringsteknologi<br>IPLOS – kapittel 11 Velferdsteknologi |
| **Eigenbetaling** | Nei |
| **Mål for tenesta/Føremål** | ▪ Rett medisin til rett tid.<br>▪ Gi medisinstøtte på lågast mogleg nivå og hjelp til eigenmeistring.<br>▪ Unngå feilmedisinering. |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Brukar har behov for helse- og omsorgstenester heimla i lovverk, og fyller kriteria for hjelp til administrasjon av medisinar.<br>▪ Brukar er motivert for å ta medisinar.<br>▪ Forstår og meistrar bruken av elektronisk medisinstøtte.<br>▪ Det takast utgangspunkt i brukaren sine behov og funksjonsnivå, og tenesta tilpassast den enkelte. |
| **Praktiske opplysingar** | ▪ Elektronisk medisineringsstøtte varslar via lyd og lys, etter tidspunkt som helsepersonell på førehand har innstilt i samsvar med når medisinar skal takast. Den hjelper brukar med å få tatt medisinar i riktig dose og til riktig tid. Løysinga har moglegheit til å registrere om brukar tar medisin ut av dispenser, og sender varsel til tenesta når medisin ikkje er tatt ut. Tenesta vil då ta kontakt, eller reise ut til brukar.<br>▪ Det vert gjort fagleg vurdering av tenesta og vedtak vil fattast som helsetenester i heimen.<br>▪ Søkar og fastlege skal gje skriftleg løyve til heimetenesta ved overtaking av medikamentadministrasjon |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Gi opplæring i bruk av velferdsteknologisk utstyr.<br>▪ Yte hjelp så raskt som mogleg etter at alarm er utløyst (alarm når medisin ikkje er teke).<br>▪ Test og vedlikehald av velferdsteknologisk utstyr i samsvar med rutine.<br>▪ Tenesteytar opptrer respektfullt i møte med tenestemottakar. |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Tenestemottakar opptrer respektfullt i møte med tenesteytar.<br>▪ Gje melding til heimetenesta ved langvarig fråvær frå eigen bustad.<br>▪ Utstyret vert behandla forsvarleg. |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune. Link til Velferdsteknologi |

### 4.2.6 Følgjekort

| **Type teneste** | **Trinn 2 – Følgjekort** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Ledsagarbevis – Veiledende nasjonale retningslinjer |
| **Klageveg** | Dersom du får avslag på søknad om følgjekort kan det klagast på. Klage skal sendast kommunen som skal vurdere søknaden på nytt. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Nei |
| **Eigenbetaling** | Nei. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | Bruken av følgjekort skal gje den funksjonshemma sin ledsagar billegare eller gratis tilgang til offentlege kultur- og fritidsarrangement, deltaking i frivillige lag og foreiningar, samt offentleg transportmiddel som den funksjonshemma ikkje ville kunne nytte seg av utan bistand. |
| **Kriterium for tildeling** | For personar med funksjonshemming som omfattar fysiske, psykiske og kognitive funksjonar. |
| **Praktiske opplysingar** | ▪ Brukaren av kortet må betale for seg sjølv på arrangement, men følgjepersonen går gratis.<br>▪ Ein kan søke på papir som ein kan hente på Servicetorga eller elektronisk via Kinn kommune si heimeside.<br>• https://kinn.kommune.no/vare-tenester/helse-og-velferd/tenester-i-heimen/folgjekort/<br>• Levere/sende passbilde. |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Handsamar søknader i tråd med gjeldande regelverk.<br>▪ Oppdatert informasjon på heimesida.<br>▪ At tilsette kjenner til ordninga og kan informere om den. |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Gjer seg kjend med innhaldet i tilbodet.<br>▪ Gir naudsynt informasjon, og samtykkje til å innhente relevante opplysningar for vurdering og vidare oppfølging.<br>▪ Nytter kommunen sine søknadsskjema på papir eller skjema via heimesida. |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Følgjekort |

### 4.2.7 Kreftkoordinator

| **Type teneste** | **Trinn 2 - Kreftkoordinator** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Tenesta inngår som ein førebyggande og helsefremmande teneste etter helse- og omsorgstjenesteloven §3-3. |
| **Klageveg** | Ikkje krav om søknad eller vedtak. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja. IPLOS kapittel 17 -Rapportering av koordinator. |
| **Eigenbetaling** | Nei. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | ▪ Ein kreftkoordinator skal hjelpe til med å koordinere og tilrettelegge kvardagen for kreftsjuke og pårørande på en best mogleg måte.<br>▪ Samordne tilbod og tenester i kommunen.<br>▪ Bidra med gode rutinar og system for kreftomsorg i kommunane. |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Du må ha ein kreftdiagnose og/eller eit palliativt forløp og du ønskjer kontakt med kreftkoordinator undervegs i ditt sjukdomsforløp. |
| **Praktiske opplysningar** | ▪ Kreftkoordinator er sjukepleiarar med spesialisering innan kreftsjukepleie.<br>▪ Ein kreftsjukepleiar har fokus på heilskapleg omsorg for pasientar i alle aldrar og deira pårørande.<br>▪ Kreftsjukepleiarar sitt arbeidsfelt er førebygging, behandling, lindring og rehabilitering til pasientar med kreft.<br>▪ Kreftkoordinator kan mellom anna yte hjelp med:<br>  • oversikt over tilbod som finnast i din kommune<br>  • å få oversikt over økonomi og rettigheiter<br>  • å gje råd om korleis snakke med barn om alvorleg sjukdom<br>  • å hjelpe til med med å orientere barnehage og skule |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte.<br>▪ Legg til rette for at den kreftramma og pårørande får bistand som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar. |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Ynskjer kontakt med kreftkoordinator.<br>▪ Gjer seg kjend med innhaldet i tilbodet<br>▪ Gir naudsynt informasjon, samt samtykkje til å innhente relevante opplysningar for vurdering og vidare oppfølging. |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Kreftkoordinator |

### 4.2.8 Hukommelsesteam

| **Type teneste** | **Trinn 2 - Hukommelsesteam** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Tenesta inngår som ein førebyggande og helsefremmande teneste etter helse- og omsorgstjenesteloven §3-3. |
| **Klageveg** | Nei. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Nei |
| **Eigenbetaling** | Nei. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | ▪ Kartlegge hukommelse, i samarbeid med/etter tilvising frå fastlege.<br>▪ Vere eit lågterskeltilbod retta mot personar med demens eller mistanke om demensutvikling.<br>▪ Hukommelsesteamet arbeider med å kartlegge demenssjukdom.<br>▪ Gje meir kunnskap om sjukdommen og å betre kvaliteten på samværet med personar som er råka av demens.<br>▪ Tilrettelegging og tryggleik i heimen er ein viktig del av dette arbeidet. |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Demenssjukdom eller vere under utgreiing for demenssjukdom. |
| **Praktiske opplysningar** | ▪ Hukommelsesteamet består av tverrfagleg samansett gruppe<br>▪ Kvar heimetenestesone har eit medlem i hukommelsesteamet som har ansvar for kartleggingar i sona ein høyrer til i samhandling med ergoterapeut.<br>▪ Demensutgreiing skjer i eit samarbeid mellom fastlege, hukommelseteam og eventuelt spesialisthelsetenesta.<br>▪ Hukommelseteamet har ansvar for å kartlegge funksjonsevne, heimesituasjon og eventuelle hjelpebehov til pasient og pårørande.<br>▪ Etter at diagnosen er stilt, vil oppgåva for hukommelseteamet og fastlegen vere å vurdere behandling, samt å foreslå aktuelle aktivitets- og omsorgstiltak.<br>▪ Få tilbod om å delta på pårørandeskule og i samtalegrupper i samarbeid med Vågsøy demensforening, Frivillighetssentralen i Florø og Krokane Sanitetslag.<br>▪ Styrking av den demensramma sitt nettverk, i samarbeid med pårørande.<br>▪ Arrangere samtalegrupper for pårørande. |
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | ▪ Transport til og frå tilbod er ikkje inkludert. |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte.<br>▪ Legg til rette for at den demensramma og pårørande får bistand som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar. |

| | |
|---|---|
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Gjer seg kjend med innhaldet i tilbodet.<br>▪ Gir naudsynt informasjon, samt samtykkje til å innhente relevante opplysningar for vurdering og vidare oppfølging. |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Demensomsorg og hukommelseteam |

### 4.2.9 Støtte til bustadtilpassing

| Type teneste | Trinn 1 – Støtte til bustadtilpassing |
|---|---|
| **Lovheimel** | Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator § 9<br><br>Forskrift om lån fra Husbanken - Lovdata<br><br>Kommunale bustadtilskot for privatpersonar - Husbanken |
| **Klageveg** | Husbank: Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) - Kapittel VI. Om klage og omgjøring. - Lovdata |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Nei |
| **Eigenbetaling** | Nei |
| **Mål for tenesta/Føremål** | "Den politiske intensjonen med ordningen er å oppnå flere tilgjengelige boliger i eksisterende boligmasse. Bruk av tilskudd istedenfor hjelpemidler vil på sikt gi større andel varig tilrettelagte boliger." |
| **Kriterium for tildeling** | **Tilskot frå NAV Hjelpemiddelsentral:**<br>▪ For å ha rett til tilskot frå NAV Hjelpemiddelsentral:<br>• Innbyggjar må være medlem av folketrygda<br>• Det må føreligge ein sjukdom, skade eller lyte hos innbyggjar som er årsak til den nedsette funksjonsevna<br>• Funksjonsnedsettelsen må ha vart eller forventast til å vare i over to år<br>▪ Tilskotet skal nyttast for å oppnå varig tilgjengelegheit til eller i eigen bustad, og løysningen skal vere i samsvar med gjeldande Plan- og bygningslov med teknisk forskrift.<br><br>**Tilskot frå Husbanken:**<br>▪ Tilskot til utgreiing og prosjektering bidrar til å:<br>• finne gode og varige løysingar tilpassa den enkelte sine behov ved nedsett funksjonsevne<br>• finne gode løysingar til nøkterne kostnader<br>• auke tilgjengelegheita i bustadmassen<br>▪ Tilskot til tilpassing kan givast til alt frå enkle tiltak til større ombyggingar, for eksempel:<br>• Utvendig terrengarbeid der det er nødvendig for å betre tilgjengelegheita.<br>• Påbygging/ombygging av bustad for å få alle nødvendige rom på eitt plan.<br>• Utviding av døropningar/rom/korridorar og byte av dører, inkludert branndører.<br>• Fjerning av tersklar og terskelplater.<br>• Installering av eller tilrettelegging for velferdsteknologi som får bustaden til å fungere betre og førebyggje behov for tenester eller innlegging i institusjon.<br>• Anna arbeid som er nødvendig for at personar med nedsett funksjonsevne kan fortsetje å bu heime. |

| | |
|---|---|
| **Praktiske opplysingar** | **Tilskot frå NAV Hjelpemiddelsentral:**<br>▪ NAV Hjelpemiddelsentral kan gje tilskot i staden for trappeheis, løfteplattform eller rampe. For at dei skal kunne gje vedtak på tilskot er det ein betingelse at det ville vært teknisk mogleg å montere heis og/eller rampe. Tilskotet for heis tilsvara det heisen ville ha kostet om den blei installert. Det er to maksimum størrelsar på tilskota til ramper:<br>• Eitt for ramper opptil 40 cm høgdeforskjell. Maksimumssatsen er kroner 29 700 kroner pluss mva (37 125 kroner med mva).<br>• Eitt for ramper over 40 cm høgdeforskjell. Maksimumssatsen er kroner 53 000 kroner pluss mva (66 250 kroner med mva).<br>▪ Løysningen det søkast tilskot til, skal godkjennast av NAV Hjelpemiddelsentral *før* oppstart av arbeidet. Eventuelle endringar av løysning undervegs i byggeperioden må avklarast med NAV Hjelpemiddelsentral, da endring av løysning undervegs kan medføre endring av vilkåra for å motta tilskotet. Løysningen forutset at bruker forskutterar beløpet. Tilskotet kan også i sin heilheit bli øyremerka bruker og utbetalt til kommunen. Det blir då kommunen som følgjer opp saka og kan samordne dei ulike tilskota både frå Husbanken, kommunen og NAV Hjelpemiddelsentral. Valg av utbetalingsmåte må avklares med NAV Hjelpemiddelsentral *før* oppstart.<br>**Tilskot frå Husbanken**<br>▪ Dei økonomiske rammene knytt til tilskot er låge og det vil ofte verte behov for startlån i tillegg til tilskot.<br>▪ I ein søknad om tilskot vil det også verte vurdert omfang og behov knytt til økonomiske rammer og om det er behov for å søke om startlån til utbetringa. |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Bustadrådgjevnad basert på kartlegging og utredning av tenestemottakar sitt behov, bustad og omgivnadenes utforming |
| **Forventningar til tenestemottakar** | |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Ta kontakt med kommunen for tilskot frå NAV. Ta kontakt med kommunen for tilskot frå Husbanken. Link til Tilskot frå kommunen - Husbanken, Nav - tilskot til ombygging |

## 4.3 TRINN 3 I TRAPPA

### 4.3.1 Pårørandestøtte ved informasjon og opplæring, avlasting og/eller omsorgsstønad

Pårørandestøtte kan kommunen gje i form av blant anna opplæring og rettleiing, avlastingstiltak og omsorgsstønad. Ein omsorgsytar med særleg tyngande omsorgsarbeid har ikkje ein absolutt rett til pårørandestøtte, sidan tiltaka som er retta mot omsorgsytaren må sjåast i samanheng med nødvendige helse- og omsorgstenester som kommunen gir direkte til den som har hjelpebehovet.

Det er eit vilkår at både den som har hjelpebehovet og omsorgsytaren ønsker at den pårørande skal fortsette med omsorgsarbeidet.

Pårørandestøtte i form av informasjon

| Type teneste | Trinn 2/3 - Pårørandestøtte i form av informasjon og rettleiing |
|---|---|
| Lovheimel | Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a andre ledd og § 2-8.<br>Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-6 punkt 1. |
| Klageveg | Nei. |
| KPR/IPLOS-registrering | Nei. |
| Eigenbetaling | Nei. |
| Mål for tenesta/Føremål | Ein del av å avlaste personar og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid er å tilby pårørandestøtte i form av informasjon og opplæring. |
| Kriterium for tildeling | Gjennomføring av relevante pårørandestøtte i form av informasjon og på denne måten også bli tatt omsyn til i saksbehandling knytt til avlasting og omsorgsstønad. |
| Praktiske opplysningar | *Eksempel på tilbod i Kinn kommune:*<br>▪ pårørandeskule for demensramma<br>▪ kreftkoordinator<br>▪ parkinsongruppe<br>▪ opplæring og rettleiing frå heimetenesta, fysio- og ergoterapeuttenesta<br>Lista er ikkje uttømmande.<br>Opplæring og rettleiing skal sikre at den private omsorgsytaren får den kompetansen og kunnskapen som trengs for å kunne utføre omsorgsoppgåvene på ein måte som er forsvarleg både for den som har hjelpebehovet og for å kunne ivareta si eiga helse- og livssituasjon.<br>Dei ulike tilboda er lågterskeltilbod. |
| Forventningar til tenesteytar | ▪ Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte.<br>▪ Legg til rette for at den pårørande får auka kunnskap om sjukdomsbilete og meistringsstrategiar og tilbod i kommunen. |
| Forventningar til tenestemottakar | ▪ Gjer seg kjend med innhaldet i tilbodet.<br>▪ Gir naudsynt informasjon for å få rett bistand og oppfølging. |
| Merknad | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. |

Avlastning i institusjon

| Type teneste | Trinn 3 - Avlasting i institusjon |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a andre ledd og § 2-8.<br><br>Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-6 punkt 2. |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR - registrering** | Ja. IPLOS-tenestetype: Avlastning i institusjon. |
| **Eigenbetaling** | Nei. Tenesta er gratis og transport til og frå er inkludert. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | Å avlaste personar og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid, slik at tenestemottakaren kan bu lengst mogeleg i eigen heim. |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Kommunen tildeler tenester på bakgrunn av søknad.<br>▪ Tilbodet er for personar og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid.<br>▪ Omsorgsytar må ha så omfattande oppgåver at det er nødvendig med avlasting for at vedkommande skal kunne makte å halde fram med omsorgsarbeidet.<br>▪ Avlasting vil kunne førebyggje meir omfattande hjelp frå kommunen.<br>▪ Tenestemottakar kan ikkje vere åleine heile eller delar av døgnet, slik at det gjev avgrensa moglegheit til nødvendig og regelmessig ferie og fritid for omsorgsytaren.<br>▪ Omsorgsbehovet kan vere av fysisk, psykisk eller sosial karakter.<br>▪ Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta.<br>▪ Man må bu saman med den som har behov for avlasting. |
| **Praktiske opplysningar** | ▪ Avlastinga er tidsavgrensa. Kan bli gitt som rullerande.<br>▪ Tenestemottakar må sjølv betale for aktivitetar som ikkje skjer i regi av institusjonen.<br>▪ Den som tek imot avlastningsopphald må ha med seg nødvendig personleg utstyr, medisin og hjelpemiddel.<br>▪ Omfang og innhald av tenesta vert individuelt tilpassa etter avtale med tenestemottakar og på bakgrunn av ei tverrfagleg vurdering. Kommunen har høve til å avgrense tilbodet, etter faglege vurderingar. |
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | ▪ Tilbodet inneheld ikkje utgreiing, behandling og rehabilitering |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte.<br>▪ Legg til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar. |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket.<br>▪ Utfører sjølv det han/ho meistrar |

| | |
|---|---|
| | ▪ Sørgjer for at private kle er merka med namn. |
| **Merknad** | ▪ Avlastning blir gitt på:<br>▪ Kulatoppen omsorgssenter<br>▪ Furuhaugane omsorgssenter<br>▪ Florø omsorgssenter<br>Søknadsskjema finn du her. |

Avlastning barn og unge

| **Type teneste** | **Trinn 3 - Avlasting barn og unge privat** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a andre ledd og § 2-8.<br><br>Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-6 punkt 2. |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja.<br><br>IPLOS tenestetype 7: avlastning utanfor institusjon.<br><br>IPLOS tenestetype 8: Avlastning i institusjon. |
| **Eigenbetaling** | Nei. Tenesta er gratis og transport er inkludert. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | Å avlaste føresette som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid for barn under 18 år. |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Kommunen tildeler tenester på bakgrunn av søknad.<br>▪ Det blir vurdert barneavlasting i bustad som førsteval. Det må føreligge særlege grunnar dersom dette ikkje er mogleg og privat avlasting blir tildelt.<br>▪ Tilbodet er for føresette og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid.<br>▪ Omsorgsbehovet er slik at det gir avgrensa moglegheit til nødvendig og regelmessig ferie og fritid for føresette og familiar.<br>▪ Omsorgsbehovet er av fysisk, psykisk eller sosial karakter, og må vere større enn det som er normalt for barnet sin alder og naudsynt for at vedkommande skulle makte å halde fram med omsorgsarbeidet<br>▪ Avlasting vil kunne førebyggje meir omfattande hjelp frå kommunen.<br>▪ Avlasting vurderast opp mot andre tenester og tiltak som kan avlaste omsorgsytar.<br>▪ Barn over 12 - år skal ha ein uttalerett for kva dei ønskjer. |
| **Praktiske opplysingar** | ▪ Omsorgsplikt -Foreldre har etter barneloven § 30 omsorgsplikt overfor mindreårige, heimebuande barn. "Krav på omsorg og omtanke frå dei som har foreldreansvaret".<br>▪ Den omsorgstrengande må ha med seg personleg nødvendig utstyr, medisinar og hjelpemiddel som brukast dagleg.<br>▪ Avlasting kan skje i og utanfor institusjon. |

| | |
|---|---|
| | ▪ Avlasting skal fortrinnsvis skje i kommunen sine avlastningseiningar for barn og unge. |
| **Innhald i tenesta** | ▪ Kommunen vurderer avlastning opp mot andre tenester og tiltak på bakgrunn av ei tverrfagleg vurdering.<br>▪ Avlastingstiltaket gjeld i utgangspunktet ikkje på høgtidsdagar.<br>▪ Det gjevast tilpassa hjelp til den omsorgstrengande etter fagleg og individuell vurdering. |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ At det vert ytt ei forsvarleg og god omsorgsteneste.<br>▪ Legg til rette for at den omsorgstrengande får bistand og omsorg, og aktivitet som er tilpassa funksjonsnivået.<br>▪ Opptre på ein respektfull måte.<br>▪ Utarbeide tidfesta plan for avlastning.<br>▪ Utpeike kontaktperson eller primærkontakt til brukar. |
| **Forventningar til tenestemottakar/pårørande/ omsorgsytar** | ▪ At ein gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket.<br>▪ At ein er ansvarleg for verdigjenstandar og utstyr til fritidssysler som vert teken med. |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Avlasting for barn og unge |

Barneavlastning i bustad

| **Type teneste** | **Trinn 3 - Barneavlasting i bustad** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a andre ledd og § 2-8. Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-6 punkt 2. |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja.<br>IPLOS tenestetype 7: avlastning utanfor institusjon.<br>IPLOS tenestetype 8: Avlastning i institusjon. |
| **Eigenbetaling** | Nei. Tenesta er gratis og transport er inkludert. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | Å avlaste føresette som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid for barn under 18 år. |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Kommunen tildeler tenester på bakgrunn av søknad.<br>▪ Tilbodet er for føresette og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid.<br>▪ Omsorgsbehovet er slik at det gir avgrensa moglegheit til nødvendig og regelmessig ferie og fritid for føresette og familiar.<br>▪ Omsorgsbehovet er av fysisk, psykisk eller sosial karakter, og må vere større enn det som er normalt for barnet sin alder og naudsynt for at vedkommande skulle makte å halde fram med omsorgsarbeidet.<br>▪ Avlasting vil kunne førebygge meir omfattande hjelp frå kommunen.<br>▪ Avlasting vurderast opp mot andre tenester og tiltak som kan avlaste omsorgsytar. |

| | |
|---|---|
| | ▪ Barn over 12 år skal ha ein uttalerett for kva dei ønskjer. |
| **Praktiske opplysingar** | ▪ Omsorgsplikt -Foreldre har etter barneloven § 30 omsorgsplikt overfor mindreårige, heimebuande barn. "Krav på omsorg og omtanke frå dei som har foreldreansvaret".<br>▪ Den omsorgstrengande må ha med seg personleg nødvendig utstyr, medisinar og hjelpemiddel som brukast dagleg.<br>▪ Føresette må søkje spesielt om avlasting på dagar der skule og barnehage er stengt.<br>▪ Informasjon om sommeravlasting og søknadsfrist vert sendt ut i løpet av januar til dei som har vedtak.<br>▪ Søknad for avlasting for sommaren, for dei som allereie har vedtak, må vere kommunen i hende innan 31.mars. |
| **Innhald i tenesta** | ▪ Kommunen vurderer avlasting opp mot andre tenester og tiltak på bakgrunn av ei tverrfagleg vurdering<br>▪ Avlastingstiltaket gjeld i utgangspunktet ikkje på høgtidsdagar.<br>▪ Det gjevast tilpassa hjelp og tilbod til den omsorgstrengande etter fagleg og individuell vurdering. |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ At det vert ytt ei forsvarleg og god omsorgsteneste.<br>▪ Legg til rette for at den omsorgstrengande får bistand og omsorg, og aktivitet som er tilpassa funksjonsnivået.<br>▪ Opptre på ein respektfull måte.<br>▪ Utarbeide tidfesta plan for avlastning.<br>▪ Utpeike kontaktperson eller primærkontakt til brukar. |
| **Forventningar til tenestemottakar/pårørande/ omsorgsytar** | ▪ At ein gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket.<br>▪ At ein er ansvarleg for verdigjenstandar og utstyr til fritidssysler som vert teken med. |
| **Merknad** | Avlastning i bustad blir ytt:<br>I Måløy: Avlastningsbustad på Kulen<br>I Florø: Furutun avlastningsbustad<br>Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Avlastning for barn og unge |

Omsorgsstønad
Klargjering - omsorgsstønad er ein stønad og ikkje ein teneste

| **Type teneste** | **Trinn 3 - Omsorgsstønad** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a andre ledd og § 2-8.<br>Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-6 punkt 3.<br>Rundskriv I-42/98. |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja. IPLOS tenestetype 11: omsorgsstønad. |

| | |
|---|---|
| **Eigenbetaling** | Nei. Tenesta er gratis. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | ▪ Omsorgsstønad er eit støttetiltak for pårørande som har eit særleg tyngjande omsorgsarbeid.<br>▪ Omsorgsstønad er meint å gje økonomisk anerkjenning for det omsorgsarbeidet den private omsorgsytaren gjer, og kan givast i kombinasjon med eller i staden for andre helse- og omsorgstenester. |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Vilkåra er at<br>• omsorgsarbeidet er nødvendig<br>• det nødvendige arbeidet er «særleg tyngjande»<br>• både omsorgsmottakar og omsorgsytar ønskjer at omsorgsarbeidet skal halde fram<br>▪ Moment som vert tatt omsyn til i vurderinga om omsorgsarbeidet er særleg tyngjande<br>• Omfanget av arbeidet.<br>• Fysisk og/eller psykisk belastning.<br>• Varigheit, fordeling over tid og når på døgnet.<br>• Omsorgsyter si livs-, arbeids- og familiesituasjon.<br>• Omsorgsplikt.<br>• Inntektstap (gjev ikkje automatisk rett på omsorgsstønad).<br>▪ Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som blir handsama av tildelingseininga og som resulterer i einskildvedtak.<br>▪ Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta.<br>▪ Den hjelpetrengande må vere heimebuande.<br>▪ For barn må omsorga klart overstige den forventa omsorg for barn på same alder.<br>▪ Omsorgssituasjonen er forventa å vare over tid og skal gjelde nødvendige omsorgsoppgåver.<br>▪ Det er ein føresetnad at søkjar utfører omsorgsarbeid som elles ville høyre inn under helse- eller omsorgstenesta i kommunen.<br>▪ For at omsorgsstønad skal tildelast, må både kommunen og den som har behov for tenestene vurdere omsorgsytar si omsorgsevne som mest tenleg og naudsynt.<br>▪ Det må vere søkt om hjelpestønad frå NAV.<br>▪ Inntektstap gjev ikkje automatisk rett på omsorgsstønad.<br>▪ Det skal takast omsyn til om tildeling av omsorgsstønad er til det beste for den som treng hjelp.<br>▪ Omsorgsstønad må vurderast opp mot andre tenester og tiltak.<br>▪ Omsorgsstønad vert gitt for ei avgrensa tidsperiode og vert revurdert ved behov/endra omsorgssituasjon<br>▪ Omsorgsstønaden tek ikkje sikte på å godtgjere den som yt omsorg time for time, men er ein kompensasjon for meirarbeidet som vert gjort.<br>▪ Stønaden er skattepliktig inntekt. |

| | |
|---|---|
| | ▪ Det vil bli laga oppdragsavtale mellom omsorgsytar og kommunen.<br>▪ Stønaden gir ikkje rett til feriepengar eller løn under sjukdom.<br>▪ Hjelpestønad frå NAV kjem til fråtrekk ved utmåling av omsorgsstønad.<br>▪ Omsorgsstønad tek slutt med det same og utan skriftleg varsel når behovet til omsorgsmottakar vert borte. Stønad vil bli utbetalt to veker etter sluttdato. |
| **Forventningar til mottakar av stønad og omsorgsmottakar** | ▪ Foreldre har ei naturleg og lovpålagt omsorgsplikt for sine barn inntil 18 år.<br>▪ Dersom omsorgsmottakaren vert teken inn i kommunen sine institusjonstilbod eller vert innlagt i private, fylkeskommunale eller statlege institusjonar, vil det ved opphald utover ei veke føreteke trekk i omsorgsstønaden.<br>▪ Stønadsmottakar pliktar å gje melding om slike mellombels opphald til oppdragsgjevar.<br>▪ Gje naudsynt informasjon, og samtykke til å innhente relevante opplysningar for vurdering og tildeling av tenesta.<br>▪ Sette seg inn i oppdragskontrakt.<br>▪ Sette seg inn i vedtak om omsorgsstønad.<br>▪ Omsorgsstønad vert ytt tilbake i tid, frå søknadstidspunktet. |
| **Merknad** | Omsorgsstønad er ei *godtgjering* til omsorgsytar, og ikkje stønad utbetalt som timelønn. Grunnlaget for utrekning av omsorgsstønaden er lågast assistentlønn.<br><br>Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Omsorgsstønad. |

### 4.3.2 Dagaktivitetstilbod for personar med demenssjukdom

| **Type teneste** | **Trinn 3 - Dagaktivitetstilbod for personar med demenssjukdom** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a.<br>Helse- og omsorgstjenesteloven, § 3-2 punkt 7. |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja. IPLOS – tenestetype 4 Dagaktivitetstilbod.<br>IPLOS kapittel 4 – Funksjonsvariablene. |
| **Eigenbetaling** | Ja. Brukar betaler eigenandel etter gjeldande *«Gebyr og betalingssatser* i Kinn».<br>Det vert kravd betaling for mat og transport. |
| **Mål for tenesta** | ▪ Bidra til at brukar kan bu lengst mogleg i eigen heim.<br>▪ Bidra til å trygge kvardagen til personar med demenssjukdom<br>▪ Førebyggje einsemd, sosial trening og helsefremjande tiltak.<br>▪ Forebygge behov for tenester på et høgare omsorgsnivå. |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Du har fått eller er under utgreiing for ein demenssjukdom, bur i eigen heim og har behov for bistand for å komme deg ut å treffe andre samt behov for aktivisering i kvardagen<br>▪ Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ønskje tenesta<br>▪ Må ha behov for rettleiing/trening/aktivisering og vedlikehald av ferdigheiter<br>▪ Partner/pårørande har behov for bistand og støtte til omsorgsarbeidet |
| **Praktiske opplysningar** | ▪ Det kan vere hjelp til eigenomsorg og aktivisering.<br>▪ Det blir arrangert turar i nærområdet.<br>▪ Det blir utført individuelt tilpassa aktivitetar.<br>▪ Det er i eit fellesskap med andre.<br>▪ Felles måltid<br>▪ Ope alle verkedagar<br>▪ Dersom man får tilbod om heildøgns omsorgsbustad eller institusjon vert tilbodet avslutta |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Tenesteytar møter brukarane med respekt og forståing<br>▪ Tilbodet vert tilrettelagt slik at den enkelte føler meistring i dei arbeidsoppgåvene dei gjer |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Tenestemottakar opptrer respektfullt i møte med tenesteytar<br>▪ Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket<br>▪ Gje beskjed dersom ein ikkje kan møte opp til avtalt tid |

| | |
|---|---|
| **Merknad** | ▪ Melde frå 4 dagar frå før med tanke på avbestilling mat<br>• utanom akutt sjukehusopphald<br>▪ Tilboda finnast per i dag på:<br>• Dagtilbod i Eikefjorden<br>• Dagtilbod Florø ved Florø Omsorgssenter<br>• Ressurssenter for demensramma i Måløy<br>▪ Opningstider 9-15 på kvardagar |

### 4.3.3 Dagaktivitetstilbod for miljøtenesta

| Type teneste | Trinn 3 - Dagaktivitetstilbod for miljøtenesta |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a.<br>Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 5 og 6. |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja. IPLOS – tenestetype 4 Dagaktivitetstilbod<br>IPLOS kapittel 4 – Funksjonsvariablene |
| **Eigenbetaling** | Ja. Brukar betaler eigenandel etter gjeldande *«Gebyr og betalingssatser* i Kinn». I Måløy blir det tatt betalt etter gjeldande gebyr. Miljøhuset i Florø tek betalt etter kantina sine gjeldande prisar. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | ▪ Dagsentertilbod til psykisk utviklingshemma er for deg som er over 18 år som ikkje har anna aktivitetstilbod.<br>▪ Du vil få tilbod om ein meiningsfylt kvardag med faste rutinar og sosialt samvær i saman med andre.<br>▪ I tillegg skal du få bruke dine ferdigheiter og ressursar til å delta på tilrettelagte aktivitetar. |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Underskriven søknad av søkjar eller andre med skriftleg fullmakt eller munnleg førespurnad, og har vurder andre tilbod lågare på innsatstrappa<br>▪ Førebyggje behov for omfattande heimeteneste eller institusjonsplass.<br>▪ Førebyggje einsemd<br>▪ Vedlikehalde fysiske, psykiske eller sosiale ferdigheiter |
| **Praktiske opplysningar** | ▪ Vi tek omsyn til interesser og ferdigheiter, humør og dagsform ut frå dine ønsker. Her kan du delta på til dømes forming, fysisk aktivitet, kreativ utfolding og produksjon av varer og tenester. Aktivitetane vert tilrettelagt og tilpassa etter ditt funksjonsnivå.<br>▪ Stengt raude dagar<br>▪ Dersom omsorgsbehovet endrar seg vil dagtilbodet opphøyre. |
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | ▪ Fylgje til lege, frisør, fotpleie og liknande.<br>▪ Transport har ein eigenandel – Brukar betaler eigenandel etter gjeldande *«Gebyr og betalingssatser* i Kinn». |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte<br>▪ Legge til rette for at tenestemottakar får den særskilde tilrettelegginga hen har behov for<br>▪ Du kan forvente å bli teken imot av eit personale som ønsker deg vel, og som har erfaring og kompetanse med målretta miljøarbeid.<br>▪ Vi vil samarbeide med dei andre tenesteytarane i kommunen for å gje deg eit så godt tilpassa og koordinert tilbod som mogleg.<br>▪ Tenesteytar har teieplikt |

| | |
|---|---|
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Ein ber òg om at det vert gjeve beskjed til senteret dersom du reiser vekk eller ikkje kan kome til senteret til avtalt tid.<br>▪ Setje deg inn i vedtaket |
| **Merknad** | ▪ Det kan være ulike opningstilbod og ulike tilbod på dei ulike dagtilboda.<br>▪ Dagtilbodet for miljøtenesta finnast:<br>• Dagsenter for Miljøtenesta i Måløy 0745 -1600<br>• Miljøhuset dagtilbod i Florø 0800 – 16.15<br><br>Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Dagtilbod |

### 4.3.4 Aktivitetstilbod innan psykisk helse og rus

| **Type teneste** | **Trinn 3 - Aktivitetstilbod innan psykisk helse og rus** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a.<br>Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 5 og 6. |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja. IPLOS – tenestetype 4 Dagaktivitetstilbod<br>IPLOS kapittel 4 – Funksjonsvariablene |
| **Eigenbetaling** | Nei. |
| **Mål for tenesta** | ▪ Bidra til ein meir aktiv og meiningsfull kvardag.<br>▪ Være i ein sosial arena og øve på sosiale ferdigheiter.<br>▪ Oppleve samhald og fellesskap.<br>▪ Førebygge psykisk uhelse, isolasjon og einsemd.<br>▪ Oppleve betring av psykisk helse og auka livskvalitet.<br>▪ Forebygge behov for ytterlegare tenester |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Du klarar i liten grad å nyttegjere deg av aktivitetstilbod på trinn ein og to i innsatstrappa.<br>▪ Du har behov for å delta på aktivitetstilbodet grunna utfordringar med di psykisk helse, og/eller rus. Du har eller har hatt teneste hjå avdeling Kinn psykisk helse og rus.<br>▪ Tenesta er hjelp til ivaretaking av eiga helse, sosial støtte og aktivisering.<br>▪ Tenesta skal bidra til auka livskvalitet og meistring i eige liv. |
| **Praktiske opplysningar** | ▪ Tenesta er gratis.<br>▪ Ein må sjølv syte for transport til og frå aktivitetstilboda.<br>▪ Kommunen har høve til å avgrense tilbodet etter faglege vurderingar |
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | ▪ Tenesta inkluderer ikkje transport og mat. |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Legge til rette for at tenesta har eit godt og meiningsfullt innhald. |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Du må nyttegjere deg av tenesta.<br>▪ Dersom du ikkje nyttar tenesta, kan tilbodet falle heilt eller delvis vekk.<br>▪ Du må gjere deg kjend med innhaldet i vedtaket. |
| **Merknad** | ▪ Det kan vere ulike aktivitetstilbod i Måløy psykisk helse og rus, og Florø psykisk helse og rus.<br>▪ I Florø har vi eit aktivitetstilbod tilknytt LAR-utlevering.<br>Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Psykisk helse og rus |

### 4.3.5 Fritidskontakt

| **Type teneste** | **Trinn 3 - Fritidskontakt** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a.<br>Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6b. |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja. IPLOS tenestetype 09<br>IPLOS kapittel 5 – Behov for bistand og transport til arbeid, utdanning og fritid |
| **Eigenbetaling** | Ja. Tenestemottakaren må dekke eigne utgifter for dei aktivitetane ein ønsker å delta på. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | Bistå den einskilde til ei meiningsfull fritid og samvær med andre. Ein må ha eit særskilt behov som ikkje blir dekka av sosialt nettverk, frivillige tilbod eller organiserte fritidsaktivitetar.<br>Eit tilbod på lågare nivå i innsatstrappa, må vere vurdert før fritidskontakt blir vurdert |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Søkar klarar ikkje å nyttegjere seg av aktivitetstilbod på trinn ein og to i innsatstrappa.<br>▪ Søkar bur utanfor institusjon og heildøgns bemanna bustad (HDO).<br>▪ Behov for ivaretaking av interesser og trening i sosiale ferdigheiter for å auke fysisk og psykisk livskvalitet grunna funksjonsnedsetting, sosial isolasjon eller psykososiale vanskar som ikkje kan ivaretakast på andre måtar<br>▪ Søkjar har ikkje familie/nære relasjonar, eller har ein utfordrande familiesituasjon som kan bistå med dette.<br>▪ Det vert vurdert om tiltaket er mest høveleg å organisere i ei gruppe eller på eit allereie eksisterande aktivitetstilbod i kommunen.<br>▪ Det vert vurdert om tiltaket kan organiserast som eit individuelt tilrettelagt tilbod i samarbeid med ein frivillig organisasjon. |
| **Praktiske opplysingar** | ▪ Du kan ha rett på følgekort slik at fritidskontakten får dekka sine utgifter.<br>▪ Gruppetilbod vert prioritert organisert som teneste<br>▪ Fritidskontakt bør ikkje være i nær familie av søkar.<br>▪ Dersom du flyttar på institusjon eller i HDO vert tenesta avslutta.<br>▪ Dersom du får avslag får du tilbod om samtale med samfunnskoordinator<br>▪ Sosialt nettverk vil bli kartlagt. |
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | Fritidskontakt skal ikkje nyttast til å utføre praktiske oppgåver som husarbeid, hagearbeid og liknande. |

| | |
|---|---|
| **Forventningar til tenesteytar** | Tenesteytar forholder seg til antallet timer som er tildelt |
| **Forventningar til tenestemottakar** | Tenestemottakar forholder seg til antallet timer som er tildelt |
| **Merknad** | Tildeling av timer etter skjønn, ut i frå behov. Lågaste antall tildelte timar er 2 timer kvar 14. dag.<br>Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Fritidskontakt |

### 4.3.6 Helsetenester i heimen

| **Type teneste** | **Trinn 3 - Helsetenester i heimen** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a.<br>Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6 bokstav a. |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja. IPLOS tenestetype 15 - Helsetenester i heimen.<br>IPLOS kapittel 4 – Funksjonsvariablane |
| **Eigenbetaling** | Nei. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | ▪ Gje hjelp til akutt eller kronisk sjuke som treng nødvendig helsehjelp i heimen.<br>▪ Ordninga er behovsprøvd og kan tildelast personar med særskilte behov utan omsyn til alder og økonomi.<br>▪ Tenestemottakar skal klare seg i eigen bustad med nødvendig hjelp |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Brukar har behov for nødvendig helsehjelp for å kunne bu heime.<br>▪ Sviktande helse og eigenomsorg som krev meir omfattande observasjonar, hjelp/og tilrettelegging for å ivareta grunnleggande behov.<br>▪ Innhente informasjon frå lege.<br>▪ Ein skal ha prøvd ut/vurdert tenester på eit lågare nivå i trappa før ein tildeler helsehjelp<br>▪ Behov for behandling og oppfølging grunna utfordringar med psykisk helse, og/eller rus.<br>▪ Så langt som det er praktisk mogeleg legge til rette for førebyggande, helsefremjande og rehabiliterande tiltak. |
| **Praktiske opplysningar** | ▪ Kommunen kan ta omsyn til eigen ressurs- og personalsituasjon ved val av tildeling av tenester og organisering av desse<br>▪ Alle som mottar helsetenester i heimen lenger enn 3 månader, ein gang pr. veke, har rett på fri tannbehandling frå offentleg tannklinikk<br>▪ Dersom det oppstår akutte situasjonar i tenesta, kan enkelte oppdrag bli utsett eller avlyst<br>▪ Søkar skal gje eige samtykke saman med fastlege dersom heimetenesta overtar medikamentadministrasjon |

| | |
|---|---|
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | ▪ Fylgje til mellom anna lege/tannlege, helsetenester og til ulike opphald på sjukeheim<br>▪ Skyss/transport i bil<br>▪ Handle matvarer<br>▪ Tenester som kan utførast ved legesenter (sårstell, blodprøvetaking, urinprøver, injeksjonar, vaksiner mm)<br>▪ Vi gjev som hovudregel ikkje heimeteneste som tilsyn |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Underskriven søknad av søkjar eller andre med skriftleg fullmakt eller munnleg førespurnad.<br>▪ Gyldig samtykke frå søkjar eller anna person med delegert samtykkemynde på vegne av søkjar.<br>▪ Søkjar må opphalde seg i kommunen.<br>▪ Brukar må tilretteleggje for eit forsvarleg arbeidsmiljø |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Tenestemottakar utfører mest mogleg sjølv<br>▪ Tenestemottakar gjer seg kjend med vedtaket<br>▪ Tenestemottakar opptrer respektfullt i møte med tenesteytar<br>▪ Gje beskjed i god tid på førehand dersom det er ynskje om å avlyse besøket/byte dag. Ved akutte situasjonar må ein gje beskjed så raskt som råd<br>▪ Heimen skal vere lagt til rette for at tenesteytar får ein god arbeidsplass jf arbeidsmiljølova<br>▪ Bruk av nøkkelboks er ynskjeleg om det er vanskeleg for tenestemottakar å opne døra sjølv<br>▪ Husdyr skal haldast i trygg forvaring så lenge helsepersonell er i bustaden<br>▪ Huset skal være røykfritt så lenge helsepersonell er i bustaden<br>▪ Tillate hjelpemiddel i heimen dersom dette er naudsynt<br>▪ På vinterstid er det tenestemottakar sitt ansvar at det er brøyta fram til huset slik at tenesteytar kjem fram |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Heimesjukepleie |

### 4.3.7 Koordinator, barnekoordinator og individuell plan

| Type teneste | Trinn 3 – Koordinator, barnekoordinator og individuell plan |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a.<br>Helse- og omsorgstjenesteloven § 7-1, §7-2 og §7-2a.<br>Rettleiar barnekoordinator |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja. IPLOS kapittel 16 -Rapportering av individuell plan<br>IPLOS kapittel 17 -Rapportering av koordinator |
| **Eigenbetaling** | Nei. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | Koordinator og/eller individuell plan skal sikre samordning og koordinering av tenestetilbodet. |
| **Kriterium for tildeling** | Tenestemottakar må ha behov for langvarige og koordinerte tenester. Minimumskravet er 2 eller fleire helse- og velferdstenester. |
| **Praktiske opplysningar** | Rettigheten gjeld for alle aldersgrupper og er diagnoseuavhengig.<br>▪ Tenestemottakar/pårørande/verje bør vere ein aktiv part i oppfølginga, og den individuelle planen.<br>▪ Det vert oppnemnd koordinator som skal sikre samordning av tenestetilbodet og lede oppfølgingsteamet<br>▪ Flyt Samspill vert brukt som kommunikasjonsverktøy og individuell plan der dette er formålstenleg |
| **Forventningar** | **Forventningar til tenesteytar:**<br>▪ Alle skal informere om koordinator, barnekoordinator og retten til individuell plan.<br>**Forventningar til koordinator:**<br>▪ Koordinator skal sikre samordning av brukar sitt tenestetilbod gjennom;<br>▪ Å kalle inn til oppfølgingsmøte etter avtalt struktur.<br>▪ Sikre at det blir skrive referat med ansvarsfordeling<br>▪ Det skal som hovudregel haldast minimum to årlege oppfølgingsmøte<br>**Forventningar til oppfølgingsteam:**<br>▪ Deltar etter avtalt struktur og følgjer opp ansvarsfordeling |
| **Forventningar til tenestemottakar** | Følgje opp avtalte handlingar. |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Koordinerande eining |

### 4.3.8 Matombringing

| **Type teneste** | **Trinn 3 - Matombringing bistandsteneste** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a andre ledd.<br>Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6 bokstav b. |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja. IPLOS-tenestetype 1 Praktisk bistand: daglege gjeremål<br>IPLOS kapittel 4 – Funksjonsvariablene |
| **Eigenbetaling** | Ja. Brukar betaler eigenandel etter gjeldande *«Gebyr og betalingssatser* i Kinn». |
| **Mål for tenesta/Føremål** | Sikre tilfredsstillande ernæring til heimebuande personar med funksjonsnedsetting som ikkje klarer å lage mat sjølv. |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Bruker har utfordringar med å sikre eit tilfredsstillande kosthald.<br>▪ Bruker meistrar ikkje å lage mat sjølv. |
| **Praktiske opplysningar** | ▪ Porsjonar med ferdig laga måltid<br>▪ Ein kan bestille ulike storleikar på porsjonane<br>▪ Ein kan bestille spesialkost og mosa mat<br>▪ Middag må avbestillast 4 dagar i forkant<br>▪ I Florø leverer Bordgleder kalde middagar direkte ut til brukar x 2 pr. Veke, I<br>Måløy leverer Praktisk Team middagar dagleg. |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Gi rett mat til rett tid. |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Ein må ha eigen mikrobølgeomn dersom det er behov for bistand til oppvarming av middag. |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Matlevering |

### 4.3.9 Praktisk bistand eigenomsorg

| **Type teneste** | **Trinn 3 – Praktisk bistand eigenomsorg** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a.<br>Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6 bokstav b. |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja. IPLOS-tenestetype 1 Praktisk bistand: daglege gjeremål<br>IPLOS kapittel 4 – Funksjonsvariablene |
| **Eigenbetaling** | Nei. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | ▪ Tenestemottakar får hjelp til bistand personleg stell og eigenomsorg for å kunne bu i eigen heim lengst mogleg<br>▪ Tenestemottakar er mest mogleg sjølvhjelpt ved bruk av eigne ressursar og hjelpemiddel |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Ein skal ha prøvd ut/vurdert tenester på eit lågare nivå i trappa før ein tildeler helsehjelp<br>▪ Førebygge behov for andre tenester.<br>▪ Kvardagsmeistring og rehabilitering skal vurderast før noko anna.<br>▪ Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av kartlegging av behov og/eller heimebesøk<br>▪ Innhente dokumentasjon frå eventuelt lege, fysio- og/eller ergoterapeut<br>▪ Søkjar må ha eit særleg hjelpebehov som følgje av sjukdom, funksjonshemming, alder eller anna.<br>▪ Har sviktande eigenomsorg:<br>• Har problem med å ivareta personleg hygiene, ernæring, forflytning m.m. |
| **Praktiske opplysningar** | ▪ Tenesta vektlegg aktiv brukarmedverknad med mål om at brukar vert mest mogleg sjølvhjelpen<br>▪ Heimen må vere best mogleg tilrettelagd for å yte omsorga, her meint følgje råd for tilrettelegging til dømes ta i mot hjelpemiddel for å meistre mest mogleg sjølv<br>• Eksempel på dette kan vere fjerne golvteppe, redusere møblar ta imot sjukeseng med meir<br>▪ Omfang og type tenester vert vurdert etter individuelle behov og kva som er fagleg forsvarleg<br>▪ Kommunen kan ta omsyn til eigen ressurs- og personalsituasjon ved val av tildeling av tenester og organisering av desse.<br>▪ Vedtaket beskriv innhaldet i og omfanget av tenesta.<br>▪ Brukar må bu eller opphalde seg i kommunen<br>▪ Individuelt tilpassa ut frå brukar si funksjonsevne.<br>▪ Tildelt tid i vedtaket vert ytt slik ein finn det mest høveleg. Oppgåver kan bli utført over fleire dagar i løpet av ei veke.<br>▪ Alle som mottar helsetenester i heimen lenger enn 3 månader, ein gang pr. veke har rett på fri tannbehandling frå offentleg tannklinikk |

| | |
|---|---|
| | ▪ Det er ulike måtar å evaluere tenesta på. Dette kan vere gjennom søknad, oppfølgingsteam, melding frå heimetenesta. |
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | ▪ Praktiske gjeremål knytt til hushaldet t.d. reinhald, klevask<br>▪ Transport av tenestemottakar t.d. følgje til lege, frisør etc. |
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Tenesteytar opptrer respektfullt i høve tenestemottakar<br>▪ Tenesta vert gitt i samarbeid med brukar<br>▪ Tenesteytar vektlegg prinsipp om hjelp til sjølvhjelp |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Heimen skal vere lagt til rette for at heimetenesta får ein god arbeidsplass jf arbeidsmiljølova<br>▪ *«Arbeidsmiljø i hjemmetenesten – en veileder»*<br>▪ Tenestemottakar opptrer respektfullt i høve tenesteytar<br>▪ Vere aktiv deltakar i eige liv |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Heimesjukepleie |

### 4.3.10 Praktisk bistand eigenomsorg – opplæring

| **Type teneste** | **Trinn 3 – Praktisk bistand eigenomsorg – opplæring** |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a.<br>Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6 bokstav b. |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja. IPLOS tenestetype 2 Praktisk bistand- opplæring-daglege gjeremål<br>IPLOS kapittel 4 – Funksjonsvariablene |
| **Eigenbetaling** | Ja. Brukar betaler eigenandel etter gjeldande *«Gebyr og betalingssatser* i Kinn». |
| **Mål for tenesta/Føremål** | ▪ At tenestemottakar med dette tenestetilbodet i stor grad skal kunne meistre daglege gjeremål og halde ved like funksjonar og/eller tileigne seg ny kunnskap med opplæring og tilrettelegging<br>▪ Teneste skal bidra til at brukarar vert mest mogeleg sjølvhjelpen i dagleglivet |
| **Kriterium for tildeling** | ▪ Vedtak om opplæring skal tidsavgrensast ut i frå ei individuell vurdering og evaluering.<br>▪ Førebygge behov for andre tenester.<br>▪ Kvardags- meistring og rehabilitering skal vurderast før noko anna.<br>▪ Innhente dokumentasjon frå eventuelt lege, fysio- og/eller ergoterapeut<br>▪ Søkjar må ha eit særleg hjelpebehov som følgje av sjukdom, funksjonshemming, alder eller anna. |
| **Praktiske opplysningar** | ▪ Opplæring til å meistre dagleg gjeremål som t.d. stå opp, legge seg, personleg hygiene, toalettbesøk, kle av og på seg,<br>▪ Tenesta vektlegg aktiv brukarmedverknad med mål om at brukar vert sjølvhjelpen<br>▪ Heimen må vere best mogleg tilrettelagd for å yte omsorga<br>▪ Omfang og type tenester vert vurdert etter individuelle behov og kva som er fagleg forsvarleg<br>▪ Vedtaket til brukar beskriv innhaldet i og omfanget av tenesta.<br>▪ Brukar må bu eller opphalde seg i kommunen<br>▪ Det er ulike måtar å evaluere tenesta på. Dette kan vere gjennom søknad, oppfølgingsteam, melding frå heimetenesta.<br>▪ Kommunen kan ta omsyn til eigen ressurs- og personalsituasjon ved val av tildeling av type tenester og organisering av desse. |
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | ▪ Transport av tenestemottakar t.d. følgje til lege, frisør etc. |

| | |
|---|---|
| **Forventningar til tenesteytar** | ▪ Tenesteytar opptrer respektfullt i høve tenestemottakar<br>▪ Tenesta vert gitt i samarbeid med brukar<br>▪ Tenesteytar vektlegg prinsipp om hjelp til sjølvhjelp |
| **Forventningar til tenestemottakar** | ▪ Tenestemottakar opptrer respektfullt i høve tenesteytar<br>▪ Vere aktiv deltakar i eige liv |
| **Merknad** | Sjå Kinn kommune for meir informasjon. Link til Heimesjukepleie |

### 4.3.11 Praktisk bistand reinhald

| Type teneste | Trinn 3 – Praktisk bistand reinhald |
|---|---|
| **Lovheimel** | Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a.<br>Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6 bokstav b. |
| **Klageveg** | Klage etter pasient og brukerrettighetsloven § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. §7-5. |
| **KPR/IPLOS-registrering** | Ja. IPLOS-tenestetype 1 Praktisk bistand-daglege gjeremål<br>IPLOS tenestetype 2 Praktisk bistand- opplæring-daglege gjeremål<br>IPLOS kapittel 4 – Funkjsonsvariablene |
| **Eigenbetaling** | Ja. Brukar betaler eigenandel etter gjeldande *«Gebyr og betalingssatser* i Kinn».<br>Brukar betaler eigenandel for tenesta punkt a) og punkt b). Punkt c) og d) er gratis. |
| **Mål for tenesta/Føremål** | ▪ At brukar kan få bu heime så lenge som mogleg i eit godt inneklima |
